

---

# namn og nemne

---

Tidsskrift for  
norsk  
namnegransking

---

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG  
REDAKTØRAR:  
GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELIÐ,  
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 27 – 2010

NORSK NAMNELAG, BERGEN

---

# namn og nemne

---

Tidsskrift for  
norsk  
namnegransking

---

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG  
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG, GUDLAUG NEDRELIÐ,  
AUD-KIRSTI PEDERSEN OG INGE SÆRHEIM

ÅRGANG 27 – 2010

NORSK NAMNELAG, BERGEN

**Redaksjon:**  
Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,  
Gudlaug Nedrelid, Universitetet i Agder  
Aud-Kirsti Pedersen, Universitetet i Tromsø  
Inge Særheim, Universitetet i Stavanger

**Manuskript og bøker til melding:**  
Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,  
LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.  
[gunnstein.akselberg@lle.uib.no](mailto:gunnstein.akselberg@lle.uib.no)

**Abonnement gjennom Norsk namnelag,**  
UIB, LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.  
Årsabonnement for 2010 kr. 150,-  
Bankkonto 6501.41.08704  
Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.  
«Namn og Nemne» vert utgjeve av Norsk namnelag.  
Utgjeve i 2010.

Trykt med støtte fra Noregs forskingsråd.

© Den enkelte forfattaren  
ISSN 0800-4684

Grafisk produksjon: Sats Montasje Design AS

# Innhold

Steinar Furnes: Vestlandshesten og norskdomsbølgja. Patriotiske namn borne av hingstar fødde i perioden 1875–1899. Fenomenet og bakgrunnsårsakene.....	7
Per Vikstrand: Magnus Olsen som sakralnamnsforskare.....	29
Jon Gunnar Jørgensen: Magnus Olsen som filolog.....	47
Jan Ragnar Hagland: Ei lita gruppe skjergardsnamn i havet vest for Haugesund .....	57
Inge Særheim: Magnus Olsens forsking om dei norske <i>staðir-</i> og <i>land-</i> namna.....	63
Odd Vevle: Botanisk nomenklatur og folketradisjonelle plantenemningar. Ei påminning om etnobotanikk som møtepunkt for natur- og kulturdanning.....	73
Oddvar Nes: Ortografisk kontekstanalyse. Gno. * <i>Tinnr</i> eller * <i>Pinnr</i> ? .....	91
Bokmeldingar.....	97
Tilsend litteratur.....	127
Medarbeidarar i årgang 27 .....	128



## Forkortinger

AB	= Aslak Bolts Jordebog ... udg. af P. A. Munch. Christiania 1852
ANF	= Arkiv för nordisk filologi
BK	= Björgynjar kálfeskinn. Edidit ... P. A. Munch. Christiania MDCCCXLIII
da.	= dansk
DN	= Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	= Danmarks Stednavne. I–. København 1922–
fi.	= finsk
frank.	= frankisk
gda.	= gammaldansk
geng.	= gammalengelsk
germ.	= germansk
gfr.	= gammalfransk
gfri.	= gammalfrisisk
ghty.	= gammalhøgtysk
gind.	= gammalindisk
gir.	= gammalirsk
glty.	= gammallågtysk
gno.	= gammalnorsk
gnord.	= gammalnordisk
got.	= gotisk
gprov.	= gammalprovençalsk
gr.	= gresk
gsv.	= gammalsvensk
gæl.	= gælisk
ie.	= indoeuropeisk
isl.	= islandsk
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. Oslo 1956–78
lat.	= latin
lett.	= lettisk
mlty.	= mellomlågtysk
MM	= Maal og Minne
mnl.	= mellomnederlandsk
NE	= O. Rygh: Norske Elvenavne. Kristiania 1904
NG	= O. Rygh et al.: Norske Gaardnavne
nl.	= nederlandsk
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–39
NN	= Namn og Nemne
no.	= norsk
NO	= Ivar Aasen 1873: Norsk Ordbog med dansk Forklaring. Christiania: Malling
NoB	= Namn och bygd
NPL	= K. Kruken og O. Stemshaug: Norsk personnamnleksikon. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995
NRJ	= Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16 <sup>de</sup> Aarhundrede. Udg. ... ved H. J. Huitfeldt-Kaas og O. A. Johnsen. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
NS	= O. T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949

---

NSL	= J. Sandnes og O. Stemshaug (red.): Norsk stednamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997
NYN	= Nynorskordboka. Marit Hovdnak o.fl. (red.). Oslo: Det Norske Samlaget.
OE	= Olav Engelbrektssøns jordebog. ... Udg. ... ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo 1926
RB	= Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. ... udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
SAS	= Studia anthroponymica Scandinavica
seinlat.	= seinlatin
st.	= stamme, stомн
TR	= Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2.1–104. Utg. ... Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
ØK	= Økonomisk kartverk

## Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta.

Forklaring av nokre symbol:

/I/	= tonem 1 (i nontonemiske målføre: hovudtrykk)
/II/	= tonem 2
/,/_	= bitrykk

# Vestlandshesten og norskdomsbølgja

*Patriotiske namn borne av hingstar  
fødde i perioden 1875–1899*

*Fenomenet og bakgrunnsårsakene  
av Steinar Furnes*

*The Westland horse (now known as the Fjord horse), one of the three distinctively Norwegian horse breeds, has had its own official name register since 1910. However, official naming of show animals became common practice as early as in the 1870s. This article is based on a collection of 470 occurrences of horse names dating from the last quarter of the 19th century, and discusses some striking features in the naming practice. First of all, picking names from known vocabularies (mental lexica and onomastica) (secondary stallion names) was clearly more common than constructing new, contextually unfamiliar appellations (primary stallion names). Typologically, it is interesting that a large portion of these picked names (lexical names in as much as 50 per cent of all recorded name occurrences over the 25-year period) can be perceived as patriotic. This naming fashion must be viewed in the light of the contemporary nationalistic spirit, which influenced the variety of personal names and ship names in Norway. Furthermore, the article looks at how the frequent name picking relates to the growth of the circles in which the names were used (and thus the onomastica) – most likely a substantial growth, considering the increase in nationwide shows and the keeping of studbooks that accompanied modern horse breeding. Names of horses, and of farm animals in general, were to an increasing extent introduced in communication*

*systems that were more comprehensive than the day-to-day farm environment. Apparently, the majority of early farm animals' names were used to describe a characteristic of the individual. Towards the end of the 19th century, names of this kind suffered a relative decrease in number. In the light of this, the purpose of this article is to look at the naming typology with regard to both function and motive. Interestingly, stables and farmhouses in Western Norway reflected the building of the nation, as many of the horse names of the era seem to have been a channel for expression of ideological sentiments.*

## 1 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn

I det følgjande tek eg utgangspunkt i ein avgrensa del av eit korpus som vart samla og systematisert då eg skreiv masteroppgåva *Frå Kong Sverre til Prins Sleipner* (Furnes 2008). Eit fleirtal av namna frå fyrste kvartal av hundreårsbolken eg konsevert dette arbeidet til (1875–1974), synte seg å ha interessante typologiske fellestrekks. Når eg no reflekterer kring korleis desse namna kan lesast som både ein del og ein konsekvens av ei samtidig tidsånd, legg eg såleis namn på stambok-registrerte fjordhingstar/vestlandshingstar av dei 25 siste 1800-talsårgangane (470 namneførekommstar) til grunn. I det aktuelle tidsrommet vart rasen som i dag heiter *fjordhest*, omtala som *vestlandshest* i dei offisielle kjeldene, og difor nyttar eg denne termen også her.

At ein hingst er *stambokregistrert*, tyder at han anten er premiert eller avlsgodkjend, og difor registrert med eige stamboknummer i rasestamboka (*stambokførd*), eller at han er nemnd i stamboka som ættefar til eit stambokført individ (*stambokkjend*). Vurderingane mine tek såleis berre utgangspunkt i eit utval av det samla talet tildelte hingstenamn. Namna til taparane, eller *strykkingstane*, som dei gjerne vert nemnde som i avlsmiljøa, kom ikkje inn i stamboka, og følgjeleg er dei heller ikkje inkluderte her. Utvalet er likevel relativt stort, og det er venteleg representativt, vel å merke for namngjevingstradisjonen knytt til avlshingstar.

Den offisielle namnetradisjonen for norske husdyr er ikkje eldre enn 150 år. Utviklinga av denne var ein direkte konsekvens av dei store endringane som råka generelt norsk husdyrhald og tilhøyrande avlsarbeid etter 1850, då registrering og utstillingsverksemd vart teke i bruk som reiskapar for avlsframgang.<sup>1</sup> Hest var det første norske husdyrslaget som fekk offisielle namnfloraer, og ein kan trygt gå ut frå at dei stambokregistrerte hestenamna, og særskilt hingstenamna, raskt vart gjenstand for vidare namnebrukarkrinsar enn dei einskilde gardar og grender sette grenser for. Her skil hestenamn seg merkbart ut frå individnamn for andre husdyr-

slag, som i større mon bør reknast som nærmiljønamn. At hingstar med rette kan kallast høgstatusdyr, gjer det ikkje mindre interessant å vurdere namna dei har bore. Slike namn har neppe vorte tildelte på slump, og sjølv om ein prinsipielt skal vere varsame med å trekke konklusjonar om motivasjon bak einskildnamn i historiske materiale, bør dei flokkvis, om enn med etterhald, kunne lesast som uttrykk for haldningar, verdiar og engasjement. For å forstå framveksten av det som kan kallast ein *nasjonalideologisk* eller *patriotisk* namnetype, er det ein føremon å sjå på dei konkrete tilhøva for namngjeving av norske hestar før og etter at den offisielle namneregistreringa tok til. Dette skiljet, som eg meiner må ha vore absolutt relevant for utviklinga av namnekulturen for vestlandshest i siste kvartal av 1800-talet, vil eg omtale i pkt. 1.3.

### *1.2 Primære og sekundære dyrenamn*

I arbeid med dyrenamn, eller *terionym*, som Katharina Leibring (2000) kallar slike, er det føremålstenleg å setje skilje mellom namn som tykkjест valde frå ulike forråd (mentale onomastikon og leksikon)<sup>2</sup> på namngjevingstidspunkta, og namn som, etter mangt å døme, er konstruerte til dyrenamnføremålet (sjølv sagt med utgangspunkt i mentale forråd, men med unike formelle resultat). Metodisk kan ei slik sortering vere komplisert, i alle fall prinsipielt, sidan ingen kan vere visse på kva leksikalske føresetnader den einskilde namngjevar har hatt. Namneord som venteleg er valde frå kjende ordforråd, anten desse forråda er beståande av samnamns- eller særnamnstorleikar, kan omtala som *sekundære* i dyrenamnsamanheng, og dei tilsynelatande nydanna namna, som ikkje fell saman med kontekstuelt kjende ord, kan kallast *primære*. Sortering etter eit slikt kriterium syner om namneval har dominert framfor nydanning av namn, eller omvendt.

### *1.3 Eldre og nyare typar hestenamn og rekkjevidda til namnebrukarkrinsane*

Mykje talar for at dei typiske hestenamna i gamle norske jordbruksfunn var primære, men vi har liten kjennskap til namna som var i bruk før husdyrutstillingane tok til på slutten av 1850-talet. Hestenamn er ytst sjeldan nemnde i skifte-dokument og i skrift generelt, og denne kjeldefattigdomen har ført til diskusjonar kring spørsmålet om den vanlege hesten i det tradisjonelle jordbruket hadde namn, eller om han var namnlaus. Svaret på eit slikt spørsmål må dels vere definisjonsavhengig; langt på veg botnar det vel helst i diskusjonen om kva som skal definierast som namn og ikkje. No tykkjест dei fleste forskrarar å vere samde om at hestane må ha hatt namn, også i eldre tid, men Albert Joleik (1959: 365) sitt syn på sakar kan vere verd ein tanke. Frå Sunnfjord rapporterer han om at «[n]amn pá kjýr, og pá gjeiter, var likso vist sum namn pá folk. Og her la ikkje presten seg uppi de, með á krevje hebraiske eller greske namn». Joleik nytta skifteprotokollar som

kjelder for kartleggingane sine, og hevdar å ha funne «túsunder av kúnomn», mest frå tida etter år 1700 (*ibid.*). Geitenamn og sauenamn finst også, om ikkje støtt, registrerte ved skifte, men namn på hestar ser (tilliks med oksenamn og til dels bukkenamn) næraast ut til å mangle:

Bukkjen Dunk (Nistað 1778), elels [sic.] mest aldre bukkenamn. Men vi alle veit namn på himmelbukkane hans áse-Tór: Tanngrisne og Tanngnjóst! Øykjene sameleis. De greidde seg með Svarten og Rauðemerra og Ungetobba og Gráfolen og Jelkjnj (ibid.: 370).<sup>3</sup>

Etter mitt syn er det naturleg å tenkje seg at kanskje dei fleste hestenamn frå tida før 1850 hadde eit individkarakteriserande hovudledd som gjerne vart nytta i den næraast namnebrukarkrinsen (bruket eller garden). Dette hovudleddet, som ofte må ha vore eins med eit kjønnskarakteriserande appellativ eller eit substantivert adjektiv med utgangspunkt i farge, kan ha vorte komplettert/presisert av eit utmerkingsledd som, ved å vere synonymt med eit bruksnamn eller eit gardsnamn, signaliserte tilhøyrsla når hesten skulle nemnast i ein namnebrukarkrins som var samanfallande med grenda eller bygda. Ein kan tenkje seg at behovet for presisering av namna voks proporsjonalt med namnebrukarkrinsane sine rekkevidder, rett nok dersom det var den kognitive funksjonen som var føremålet med namnebruken (slik det som regel må ha vore). Ei slik differensiering har også Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken (1995: 109) målbore, og Ola Stemshaug (1982: 164 f.) meiner at rolla til hesten som transportmiddel har påverka represasjonen av stadnamn som utmerkingsledd i hestenamn. Det må ha vore vanleg at individet som heitte *Borken*, eller beint fram *Hesten*, heime på garden Hauge, vart kalla *Haugeborken* eller *Haugehesten* i grende- og bygdesamanheng. Som eg kjem attende til i pkt. 2.2, er dei presiserte variantane av slike namn også relativt frekvente i kjeldene frå den fyrste tida vestlandshingstar vart stambokregistrerte. Dei har elles vore svært vanlege for uregistrerte (og såleis uoffisielt namngjevne) arbeidshestar like fram til vår tid, og mange nyttar dei også for registrerte avlsdyr når dyra vert omtala i nærmiljø eller i interne avlsmiljø.<sup>4</sup> For husdyrnamn generelt, må ein kunne gå ut frå at dei individkarakteriserande namna som *type* var vanlegare i det premoderne jordbruksamfunnet enn dei skulle kome til å verte i seinare tids formell bruk.<sup>5</sup> Namna hadde venteleg som praktisk hovudføremål å skilje dei namngjevne individua frå andre individ, og dei vart i stor mon nyttja innanfor relativt lukka kommunikasjonssystem.<sup>6</sup> Då må det ha vore like nærliggjande som føremålstenleg å la namnet denotere eigenskapar ved dei aktuelle individa.

Konsentrerer vi oss om hestenamn, er det som sagt tvillaust at framveksten av det profesjonelle avlsarbeidet sytte for at einskildindivid vart kjende og nemnde med namn over stadig større geografiske område. Denne utviklinga tykkjест å ha

gått relativt raskt etter at den første hesteutstillinga for austlandshest/dølehest vart arrangert på Stav i Gudbrandsdalen i 1859. Vestanfjells følgde det første sjået i Førde fem år seinare. Frå 1870-åra bar trykte katalogar (og seinare stambøker basert på desse) hestenamna ut til nye, vidare krinsar, og det vart eit formelt krav at den einskilde hesteeigar skulle oppgje individnamn ved innmelding. Etter måten fyldige utstillingsreferat frå *Aarsberetninger angaaende de offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme* [ÅLF] vitnar om at ei mengd hestar som møtte til utstilling dei første åra, stod namnlauast nemnde i katalogane. Ser vi t.d. på omtalen av sjået som vart halde på Stranda på Sunnmøre i 1876 (ÅLF 1876: 300 ff.), var det berre oppgjeve namn for 5 av 46 møtande individ.<sup>7</sup> Dette kan ha ulike årsaker, men tilfellet er langt frå eineståande, og ein kan ikkje sjå bort frå at namna som eigarane vanlegvis nytta om hestane sine heime, verka mindre høvelege for den vide namnebrukarkrinsen som ei offisiell utstilling opna for. Det er naturleg å tenkje seg at rammene kring det nye, moderne avlsarbeidet framprovoerte eit skilje i namnekultur for hest, og at dette skiljet kan ha vore relativt markant, først og fremst fordi det må ha vore uvanleg å namngje hestane ved «dåp» i eldre tid. Snarare er det, som eg har vore inne på, truleg at eldre tids hestenamn, og husdyrnamn generelt (sjølvsagt med unntak), hadde meir sams med karakteriserande stadnamn enn med valde antroponym (som i lang tid har vore semantisk tydingslause). Ein kan tenkje seg at den nemnde borken frå Hauge nærmest kan ha vore førehandsdømd til å verte omtala som nettopp *Haugeborken* mellom bygdefolket, slik den blakke merra frå Bø automatisk vart heitande *Bøblakka* eller *Bømerra* i daglegtalen. Namna trong neppe festast i skrift. Dei sa seg sjølve. I jordbruksamfunn der det jamt fanst få hestar i buskapen, kan eit slikt naturleg, ja nærmest sjølvsagt, tagalt namngjevingssystem, basert på individkarakteristikk og tilhørsle, ha vore både funksjonelt og praktisk. Kor vidt slike uttrykk vart rekna som *namn* hjå hesteeigarane, kan nok ha variert, og kanskje er dette ei årsak til at dei første utstillingskatalogane (så vel som dei eldre skifteprotokollane) nemner mange hestar utan namn. Utstillerane kan ha hatt nærmiljønamn på dyra sine, men oppfatta slike som mindreverde i utstillingssamanhengen. Med den offisielle husdyrregistreringa kom dei valde namna altså på prent i både katalogar og referat, opplesne og vedtekne. Då kunne alle lese seg til eller høyre opprop om at den raude premiehingsten frå Nes (som elles kanskje ville heitt *Nesrauden*) faktisk

heitte *Harald Hårfagre*, *Nansen* eller *Njål*. Slike namn sa seg ikkje sjølve. For meg verkar det lite truleg at namn på eventuelle «døypte» hestar i tidlegare tid spreidde seg blant bygdefolk i nemneverdig mon. Unntak kan sjølvsgatt ha gødde for særer vidgjetne dyr.

#### *1.4 Hamskiftet i hesteavlen*

Sjølv om prosessen eg nyss har omtala, dels er hypotetisk, tykkjest det føremålstengenleg å nærme seg dei eldste stamboknamna slik. Utstillingssystemet, handfaste reiskapar til avlsleiinga for utval av individ, sytte for *regionale* namnebrukarkrinsar for hest, men rett nok for ein utvald elite av hestane. Hestar og hestefolk frå ulike dalføre og fjordbygder kom saman i større mon enn før, sidan dei fyrste hesteutstillingane starta ein ubroten tradisjon som fekk aukande oppslutnad både i Vest-Noreg og austanfjells. Dyra skulle individualiserast i ein ny samanheng, og folk reiste lenger og lenger heimanfrå for å syne hestane fram. Til dømes møtte den kjende vestlandshingsten *Rosendalsborken* på ei internasjonal landbruksmønstring i Hamburg i 1883 (Nestaas 1998:140), og fleire hingstar var med på same ferda. Av stamboka (Baashuus-Jessen 1923) kjem det elles fram at fleire dyr frå Nordfjord deltok på utstilling i Odense i 1900, men hovudsakleg var det sjølvsgatt innanlands hestane turnerte. Dei fyrste to stambokbanda for vestlandshest opplyser at ei rekke dyr vart framsynte ulike stader langs heile vestlandskysten i siste helvt av 1800-talet, og nokre drog til Kristiania. Sjølvsgatt hadde det også tidlegare gått handelsdrifter med hestar frå dal til dal og mellom dei ulike landsdelane, men medan desse handelshestane nok oftast vart leverte utan namn eller ættetavler, vart namna til utstillingshestane kjende og tilgjengelege for eit langt større publikum. Dei kom ikkje berre på prent; dei vart, slik vår tids hestenamn vert det, drøfta ved handel, og elles der hestefolk møttest. Bønder frå Hardanger og bønder frå Sunnmøre fekk større felles kunnskapsbasis i takt med kommunikasjonsauken. Kanskje representerte dei hesteavlaget som hadde bytt hingstar med kvarandre. Dei visste kven *Gange-Rolv 42*, *Njål 166* og *Kåre 189* var. Om ikkje alle hadde sett desse hingstane med sjølvsyn, kunne dei ha lese om dei i katalogar og tidsskrift, eller fått munnlege referat om kva lyte og verdiar som var knytte til individua bak namna. Det systematiske avlsarbeidet skulle gagne jordbruket. Di meir omfattande den organiserte avlen vart, di fleire menneske fekk kjennskap til stambokførte hingstar med tilhøyrande namn, og difor kan ein trygt seie at utstillingane flytte vestlandshesten ut av gardstunet i vidare mon enn før. Det var prestisje knytt til det å syne fram vakre, velstelte og verdfulle hestar, og skulle ein lukkast med avl, var det viktig å kunne ættene – og namna, som dei naudsynte lekkane dei var. Hestekarane la, og legg framleis, ein større del av æra si i slik kunne enn uinnvigde klarar å skjøne.

Uavhengig av namngjevingskulturane i tidlegare tid, som vi i røynda veit svært

lite handfast om, men som vi likevel kan freiste å tenkje oss til med utgangspunkt i den uformelle namnebruken som framleis vert nytta i norske avlsmiljø, må altså vilkåra for namngjevinga av avlshestar ha endra seg sterkt frå og med siste helvt av 1800-talet. Namna skulle beint fram tene eit større føremål enn før. Ein slik kultur påverka sjølvsagt dei ulike nivåa av abstrakte onomastikon som var i faktisk bruk mellom namngjevarane. Det utvikla seg eit sams onomastikon for avlshestar, og som eg kjem attende til om litt, tykkjест denne grenseflytinga å ha bana veg for at ein stor del av namngjevinga vart rennande ut av – og tufta på – eit sams verdi-grunnlag. I det følgjande omtalar eg det mest markante særtrekket i namngjevinga frå siste kvartal av hundreåret.

## 2 Norskdomsbølgja – i samfunnet og i hestenamna

### 2.1 Samtidspatriotismen, sett i eit generelt namngjevingsperspektiv

Ideologisk vert siste helvt av 1800-talet ofte assosiert med ein vidfemnande norskdom som ikkje har hatt sidestykke korkje før eller seinare, i alle fall ikkje i fredstid. Likevisst som at den norske samfunnsdebatten var sterkt prega av patriotiske straumdrag, er det at denne tendensen, som altså kan omtalaast som ei rådande tidsånd, merkte ulike former for namngjeving i landet vårt, om enn i varierande grad. Kva konkrete kjennemerke som bør inkluderast i definisjonen og avgrensinga av omgrepet *patriotisk tidsånd*, kan med fordel diskuterast. Om ein likevel dristar seg til å sjå grovskore på eit komplisert spørsmål, slik omfanget av denne artikkelen krev, er det framfor alt sentralt å nemne at ein sterk trend i tida hadde grobotn i den omfattande jakta på ein objektiv-kulturell nasjonal identitet. Soga er velkjend: Det nasjonalromantiske prosjektet, som hovudsakleg hadde funne si form på 30- og 40-talet, gjekk gradvis over i ein meir aggressiv politisk nasjonsbyggingsnasjonalisme, men desse *divisionane* av norskdom kan dels vere vanskelege å sjå i skarp kontrast til kvarandre. Fleire og fleire nordmenn vakna til engasjement i løpet av tidsrommet, og både ønsket om nasjonalt sjølvstende og sjølve defineringa (og seinare stadfestinga) av den nemnde identiteten kom sterkare til uttrykk. Norskdomsrørsla, som mykje godt skapte ideala for ein slik identitet gjennom virket sitt, nørde som kjent vyrdsemda for m.a. nordiske arvenamn, norrøne overleveringar, mellomalderhistorie og folkedikting, men òg dyrkinga av samtidige *heltar* som utmerkte seg med eigenskapar som kunne takast til inntekt for konstruksjonen av det *typisk norske*.

Val av ulike typar namn bør jamt vurderast som viktige kanalar for eksponering av verdiar og haldningar, noko m.a. Bjarne Rogan (1992: 88 ff. og 1994: 84 ff.) har omtala omfattande. Thorsten Andersson (1996: 19 ff.) framhevar på si side at namn kan ha ein ideologisk dimensjon, og påpeikar særskilt det openberre «svärmeri förr den nordiska forntiden» som påverka og la grunnlag for ein nordisk personnamnrenessanse på 1800-talet. Andersson (*ibid.*: 21) meiner at dei tre

hovudfunksjonane ved særnamn; den kognitive, den emosjonelle og den ideologiske, dannar føresetnadene for dei sosiale rollene til namna i eit samhøy (ein namnebrukarkrins). Det er tvillaust at nordmenn kommuniserte nasjonale verdiar gjennom val av døypenamn i siste kvartal av 1800-talet. Kva for tid renessansen kom, kor sterkt han i røynda falda seg ut over Norden og Noreg, og jamvel om fenomenet bør omtala som ein renessanse, har vore gjenstand for mangt eit ordskifte, men at personnamngjevinga faktisk fekk ein meir nasjonal svip, rår det jamn visse om. Ideologien syner også att i stadnamngjeving, men i langt mindre mon. Når det gjeld organisasjonsnamn og namn for andre objektgrupper, finst det talrike og mangslungne døme på at norskmønen var (i) vinden. I boka *Ei folkerørsle blir til* (Tvinnereim 1981) kjem det t.d. fram at relativt mange ungdomslag valde bladnamn som kan karakteriserast som patriotiske:

Nøytrale namn på lagsblad vart gjerne etter kvart bytte ut med namn som skulle syne den nasjonale holdninga som organisasjonen stod for. [...] Desse namneendringane gjev utan tvil uttrykk for ein samordningstendens i den frilyndte rørsla. Laga skulle i ord og gjerd stå på den nasjonale lina, og namnet på bladet var eit symbol som hadde sin verdi både i og utanfor laget (ibid.: 68).

I Egil Pettersens (2004: 129 ff) omtale av namn på norske godtemplarlosjar kan ein spore nærskyld tendensar i namngjevingspraksisen. Det er elles velkjent at ei rekke idrettslag har fått tildelt namn som lett kan assosierast med norske nasjonalverdier, sjølv om mange av desse laga, tilliks med losjane, kom til etter 1905, då det formelle frigjeringsklimakset var fullbore. Når det gjeld skipsnamn, vart norske hurtigrutebåtar jamt gjevne historiske konge- og jarlenamn i same tidsrom (jf. m.a. Stokkevåg 2004: 100 f.), og 16.11.1878 vart namnetypen både omtala og legitimert i tidsskriftet *Fedraheimen*:

**'Vestlandske Tidende'** undrar seg yver, at mest alle Eimskip, som fer langs Vestlandet, hev Kongenamn: Kong Sverre, Kong Sigurd, Kong Magnus, Kong Haakon, Kong Halvdan, Kong Bjørn, St. Olaf, Harald Haarfagre, Haakon Adalstein, Dronning Sofie o.s.b. Daa dei fleste av desse Namn minner um Norigs Stortid, hev me Inkje aa segja. Onnorleids vilde det ha voret, um Oldenborgarar hadde voret uppkallade elder Erik av Pommern.<sup>8</sup>

Sjølv sagt var det kraft nok i slike namn til å styrke kjensla av fellesskap, og sjølv sagt må samhaldskjensla ha vorte sterkare og meir omfattande i takt med at fleire og fleire *fellesåtte* namn kom i bruk. Om lystbåtnamn hevdar Rogan (1992: 90) at «[b]åtens navneskilt er båteierens visittkort». Ei liknande slutning kan det vere nærliggjande å trekke for husdyrnamn, ikkje minst når dei namngjevne dyra har høg status, slik utstillingshestar jamt har hatt. Når namngjeving vert nytta som

talerøy for å markere ideologiske ståstader, og når namna såleis fungerer som kommunikasjonsmiddel med mål og rekkjevidder ut over sine eigne, primære funksjonar, er det tale om namngjeving av typen som Rogan (1994: 85 ff.) kallar *ekspressiv*:

Et egennavn skiller altså ikke bare en ting fra andre ting i samme klasse. Gjennom valg av navn kan vi signalisere verdier og preferanser, tilhørighet, lojalitet og smiger m.m. Gjennom navnet presenterer navngiveren seg selv (ibid.: 86).

Kan det tenkjast at vestlandsbonden presenterte seg sjølv gjennom namngjeving av høgstatusdyret sitt?

## *2.2 Namna for vestlandshingstar fødde i tidsrommet 1875–1899*

### *Viktige generelle trekk ved namngjevinga i tidsrommet*

Ser vi på det heilskaplege namnematerialet for perioden, er det mest overordna kjenneteiknet at namna i drygt 80 % av namneførekomstane kan karakteriserast som sekundære som vestlandshingstnamn. Desse er såleis (tilsynelatande) valde, medan den resterande femteparten tykkjest å ha vorte (ny-)danna til hingstenamnføremålet, sjølvsagt jamt med utgangspunkt i ord eller ordelement frå ulike onomastikon og leksikon. For dei primære namna utgjer kompositanamn av stadnamn + farge (substantivert adjektiv), som t.d. *Kvammerauen*, *Moblakken*, *Oppedalsbrunen* og *Særheimsborken*, den mest talrike undergruppa. Førekomstane av slike tilsvrarar kring helvta av det samla talet primære lopenamn; såleis ein tidel av det totale talet frå tidsrommet, og alle leksikalske namn er hapaksnamn.<sup>9</sup> Nærskylde med slike namn er elles komposisjonar av stadnamn og hovudleddet *-hingsten* (t.d. *Hetlehingsten* og *Rotåshingsten*). Desse to typane komposita er namn av slaget som, etter mi mening, truleg har vore den vanlegaste hestenamntypen i det premoderne norske jordbruksamfunnet (jf. pkt. 1.3).

Av dei 385 sekundære lopenamna har eg vurdert 103 (21.9 % av det samla talet) til å vere identiske med «ikkje-propria» storleikar (samnnamn), men sjølvsagt kan desse ha vore inventar i onomastikon som var kjende for namngjevarane, like fullt som dei er ukjende for meg, og såleis ha vorte assosierte med *namn* då dei vart valde. Den største undergruppa her er adjektiviske namneord, som t.d. *Blank*, *Flink*, *Freidig*, *Hurtig*, *Kvik(k)*, *Lystig*, *Rask* og *Trygg*, men det finst også ein del førekomstar av appellativiske namn (t.d. *Kraft*, *Lord*, *President*, *Strilen* og *Tordivelten*). I motsetnad til dei adjektiviske og appellativiske namna er snautt  $\frac{3}{4}$  av dei sekundære namna totalt (282 av 385) «propria» (identiske med proprium som truleg var velkjende for namngjevarane på namngjevingstidspunkta), anten i kraft av å vere samanfallande med eit (eittords) proprium (249 stk.) eller med eit kjent fleirords antroponym (t.d. *Fridtjov hin Frøkne* og *Guttorm Sindre*) (33 stk.).<sup>10</sup>

Hovudtendensane er klare: Folk valde snarare namn til hingstane sine enn å

danne (nye og kontekstsuelt ukjende) namn, og antroponomastikon (kanskje særskilt ”kjendisnamn” frå slike) var mykje nytta forråd når slike val vart gjorde. Bruken av historiske tilnamn og av proprium som ikkje er identiske med personførenamn eller stadnamn (nærast utelukkande mytologiske hestenamn og gudenamn), var også rekordhyppig, sett i høve tilsvaranande førekommstal for seinare 25-årsperiodar. Ein generell og naturleg konsekvens av namnelån, som inneber val av namn frå onomastikon som fleire namngjevarar har tilgang og kjennskap til, vil vere at hapaksnamn vert etter måten fåtallige. Slik vart også stoda for namnefloraen til vestlandshingstane i perioden 1875–1899. Relativt mange objekt bar relativt få leksikalske namn, og det var sjølv sagt dei sekundære namna som forårsaka konsentrasjonen.

### *Norskdomsnamma*

Skal ein skildre ein merkbar typologisk *eigenart* ved namnematerialet frå tidsrommet, er det nærliggjande å nytte omgrepet *norskdom*. Å bla i dei to eldste stambokbanda for vestlandshest har mangt sams med å lese litteratur som dei samtidige namngjevarane nok fekk introdusert i nasjonsbyggjande augemed. I det følgjande utvalet, som kan kallast eit ”norskdomskorpus” underlagt det samla korpuset frå perioden, har eg inkludert namn som kan lesast som uttrykk for nasjonalistiske verdiar og haldningar. Bak kvart av dei leksikale namna står årstal i parentes, og ut frå desse går det følgjeleg fram kor mange førekommstar dei einskilde namna finst i.

### *Norskdomsnamn for vestlandshingstar i perioden 1875–1899*

*Adelsten* (78, 82, 87, 87, 89, 90, 90, 93, 94), *Adelsten Håkensen* (87), *Adelsten 2* (97), *Alf* (92), *Atle Jarl* (79), *Audun* (82), *Balder* (75, 77, 80, 86, 86, 91, 95, 95), *Bele* (76), *Birkebein* (90, 96, 98), *Blåskjegg* (96), *Egil* (88), *Erling* (89), *Erling Sjalgsøn* (82), *Erling Sjalgsøn 2* (95), *Finn* (95, 97, 98), *Fridtjov/-f* (75, 75, 76, 77, 77, 79, 80, 82, 84, 90, 90, 92, 93, 94, 96, 98, 98), *Fridtjov hin Frøkne* (96), *Friithjof Stend* (94), *Fridtjov Tor Torsøn* (89), *Gange-Rolf/-v* (79, 79, 81, 83, 95, 97, 99, 99) *Gange-Rolv 2* (82), *Gange-Rolv 3* (87), *Grane* (89), *Gråfeld* (87, 91, 94), *Gudbrand* (80), *Guldfakse* (95), *Gullbrand* (78), *Guttorm Sindre* (94), *Haldor Duk* (75), *Halvdan* (91), *Harald Gråfeld* (80), *Harald Hårfager* (88, 97), *Heimdal* (88), *Herdebred* (84, 95), *Håkon* (77, 80, 80, 81, 81, 88, 91, 92, 96, 99), *Håkon Adelsten* (85), *Hårfager* (83, 92, 94, 96), *Hårfager Blindheim* (97), *Kjartan* (75, 77, 82, 88), *Kong Bele* (80, 90), *Kong Magnus* (97), *Kong Ring* (96), *Kong Sverre* (78, 90), *Kong Sverre 2* (90), *Kyrre* (98), *Kåre* (93), *Leif* (90), *Mørejarl* (88, 95), *Njål* (91, 97), *Nordmann* (87), *Normann* (92, 92, 96, 96), *Odin* (81, 82, 84, 85, 85, 85, 86, 87, 88, 90, 90, 92, 93, 94,

95, 95, 97, 97, 98, 98, 99), Odin Hefte (93), Odin Honstad (96), Odin 2 (89, 99), **Ragnvald** (92), **Rimfakse** (76, 89, 90, 92, 93, 94, 96, 96, 97, 98, 99), **Rolf/-v** (80, 92, 94, 99), Rolv Njålsøn (99), Rolf Veiteberg (96), **Sigmund Bresteson** (80), **Sjalgsøn** (88), **Skallagrim** (98), **Skarphedin** (79, 97), Skarphedin 2 (92), **Skirner** (84), **Skjalg** (91), **Skjalg Erlingsøn** (85), **Skjegge** (78), **Sleipner** (75, 75, 77, 77, 78, 78, 79, 79, 79, 81, 82, 82, 82, 83, 84, 89, 90, 93, 93, 93, 96, 97, 97, 98, 98), Sleipner Valsvik (85), Sleipner Væle (92), **Snorre Sturlasson** (89, 99), **Sterkoder** (86), **Sverre** (91, 93, 97), **Sverre Sigurdsson** (83, 87), **Tjalve** (81, 94), **Tor** (80, 81, 82, 82, 86, 89, 89, 90, 90, 95, 98), **Tordenskjold** (75, 78, 92, 94, 96, 96, 98), **Tore Hund** (92), **Torolf** (78), **Torvald** (88), **Viking** (89), **Vikingen** (91), **Ymer** (91), **Øivind** (98).

Når eg ikkje har sortert dei leksikalske namna i statiske tydingsgrupper, er det for ikkje å kome i dei klassifiseringsknipene som ei slik tilnærming ofte vil medføre.<sup>11</sup> Fleire namn i oversynet (som t.d. *Grane*, *Håkon*, *Tor* og *Viking*) kan høve i ulike tydingsgrupper. Om hingstenamna t.d. er kjendisnamnidentiske, gudenamnidentiske eller «berre» personnamnidentiske, er heller ikkje av største relevans her. Hovudsaka er at dei nemnde namna anten er nordiske, kjende frå nordisk historie (gjennom ulike typar litteratur) eller, som det nemnde sitatet frå *Fedraheimen* uttrykkjer det; «minner um Norigs Stortid». Så godt som alle dei leksikalske hingstenamna fell saman med konteksttuelt kjende *proprium*. I oversynet har eg elles også inkludert presiserte variantar av tidlegare nytta «norskdomsnamn» (markerte med understrekning). I denne samanhengen tykkjест ikkje *Rolv Njålsøn* og *Sleipner Valsvik* stort mindre verde enn namnehalvbrørne sine. Men – det lyt nemnast at slike variantar, tilliks med oppatnytta upresiserte namn (som såleis hadde entra hingstenamnefloraen på tidlegare tidspunkt), ikkje treng å ha vore direkte resultat av ein ideologisk namnemotivasjon. Dei kan sjølv sagt ha vore ein konsekvens av (relasjonsstyrt) «hesteoppkalling» eller av det ein kan kalle mesterstyrt val med utgangspunkt i hingsteconomastikonet.<sup>12</sup>

Lista rømer 86 leksikalske namn, og totalt finst desse i 236 førekommstar, noko som utgjer nøyaktig 50 % av *alle* namneførekommstar frå tidsrommet. Etter mitt syn både kan og bør den holistiske eigenarten som namna uttrykkjer «i flokk», lesast som ein indikasjon på ei tidstypisk norskdomshaldning og ein nasjonalorientert namnemotivasjon, og sidan tendensen omfattar annakvart tildelt namn, utgjer han det mest markante trekket i namngjevinga. Som vi ser, skil gamle konge-, jarle- og hovdingnamn seg sterkt ut som sannsynlege oppkallingskjelder (gjennom bruk av både fullstendige (fleirords) antroponym og eittords tilnamn), og dét gjer også namn frå norrøn mytologi. Vedkomande mytologi, finn vi elles einskilde islett av den greske gudelæra i namnetilfanget (t.d. heitte fire hingstar *Herkules*). Dette kan vitne om ei universalhistorisk-/romantisk orientering blant

namngjevarane, men hovudsakleg søkjelys var tydeleg retta mot det *norske*. At heile 114 av 157 eittords førekomstar av personførenamnidentiske hingstenamn (gudenamnidentiske inkludert) består av nettopp nordiske namn, skulle kunne tyde på at den nordiske namnerenessansen sette sterkare preg på vestlandshingstnamna enn på samtidig personnamnflora. Sjølv om personnamna og gudenamna (som dels fell saman med kvarandre) tykkjest å ha utgjort dei største forråda som hingstenamna vart valde frå, ser det elles ikkje ut til at namngjevarane gav hestane dei same namna som borna oftast fekk. Dei mest nyttar mannsnamna i samtida, rett nok på landsbasis, finst ikkje nyttar som fjordhingstnamn.<sup>13</sup> Når namn med nordisk dåm relativt sett finst hyppigare borne av hingstar enn av menneskeborn, lyt det sjølvsagt sjåast i samanheng med at ingen (uskrivne) oppkallingslover kom i konflikt med å velje i nasjonalistisk lei i hingstenamngjevinga, noko som ofte var tilfelle når folk, og ikkje minst bønder, skulle velje døype-namn til borna sine.

Fleirtalet av dei nyttar personførenamna som er av ikkje-nordisk etymologisk opphav, t.d. *Adelsten*, *Kjartan* og *Njål*, som alle var borne av fleire hingstar, har sterke band til nordisk historie. Eli Fure (1990: 45) påpeikar eit sentralt aspekt når no refererer ei historie om faren som ville gje barnet sitt det nordiske namnet *Adelsten*: «Om *Adelsten* er gammelengelsk og ikke nordisk i etymologisk forstand, er det viktigere at det ble *oppfattet* som et nordisk navn. Intensjonen var å gi et nordisk navn». Følgjande forteljing om vestlandshingsten *Njål* 166 kan skildre ei grein, eller kanskje to, av tidsånda som sveiv over Noreg i nasjonsbyggingsprosessen. Dessutan illustrerer ho ein tanke om at norsk patriotisme, djupast sett, kanskje har hatt inspirasjonskjelder utanfor landegrensene, og at det for ein skilde namn kan vere vanskeleg å skilje nasjonalistisk motivert namngjeving frå oppkalling av utlandske «barbarar». *Njål* 166 vert ofte omtala som stamfar for den moderne fjordhestrasen, og i dag finst han i stamtavla til alle levande fjordhestar (Nestaas 1998: 142). Det knyter seg ei dokumentert namnesoge til nettopp denne hingsten, som vart utvald i 1896, då konsulenten for norsk hesteavl, Stener J. Steinersen, gjekk til innkjøp av to statshingstar. Den eine skulle stasjonerast i Stryn, der Rasmus Sunde var hingstehaldar og förvert, og han valde hingsten *Osman Pasja*. I eit intervju frå 1955 gjev Sunde att delar av samtala han hadde med konsulenten etter handelen:

[N]å har jeg to, du skal få velge', sa han. 'Hvem tar du'? 'Ja, eg kjenner begge to', sa eg. 'Men eg skal ha Osman Pasja'. 'Han er jo født i Stryn, han', sa han. 'Ja, det er hin og det', sa eg. 'dar er det født, alt det som godt er'. 'Jaja, vi får skrive kontrakt da', sa han. 'Ja, kan gjerne det', sa eg. 'Men jeg vil ikke ha dette barbariske Osman Pasjal' 'Ja, nei, eg likar kje det eg heller', sa eg. 'Ja, nå skal du få gi han navn, du'. 'Ja, sa eg, det får vere eit bra navn au det',

sa eg, 'vi får ta Njål, Njåls saga', sa eg, 'så har vi noko å bygge på'. 'Det skal han hete', sa Stenersen. (NRK-intervju, her sitert etter Bakken 1998: 46 f.).

Den nyinnkjøpte hingsten bytte altså namn frå *Osman Pasja* til *Njål*. I høve eit norskdomsperspektiv kan ein vidare drøfte kva for eitt av desse to namna som appellerer sterkest. Definerer ein strengt, er ingen av dei for nordiske å rekne. Båe kan likevel, til ein viss grad, assosierast til norsk identitet, eller kanskje rettare sagt til ein samtidig sterkt rådande ideologi. Den tyrkiske generalen Osman Nuri Pascha kjempa, om enn på barbarisk vis, for heimlandet sitt sjølvstende.<sup>14</sup> Om den jamne vestlandsbonden såg innsatsen hans, i kamp mot russiske styrkar, i samanheng med aukande ønske om nasjonalt sjølvstende her heime, er sjølvsagt uvisst, men det bør ikkje utelukkast. At heile sju hingstar i tidsrommet fekk namnet *Osman* eller *Osman Pascha/-Pasja*, tyder i alle høve på at vestlandsbønder hadde kjennskapar ut over horisontane av «dei gamle fjell i syningom». Å tilleggje norske namngjevarar politiske sympatiar med ein tyrkisk general, og ikkje minst å ukritisk relatere eventuelle slike til norske samtidstilhøve, er spekulativt, men namn på utanlandske nasjonalistar har ved fleire høve vorte gjevne til norske hestar. Til dømes var *Omer Pascha* fødd i 1875 og *Garibaldi* i 1879 (Petersen 1902). Båe var dølehungstar. Om namna vart valde på bakgrunn av seriøs sympati eller av skjemt, veit ingen. Når det gjeld namnebytet på den omtala vestlandshingsten, er sjølvsagt det keltiske namnet *Njål* og Njålssoga viktige luter av dei norrøne overleveringane. Dei fleste vil kanskje semjast med Rasmus Sunde, som meinte at dette namnet var meir å «bygge på».

Dette leier oss inn på eit sentralt spørsmål: Korleis skal ein avgrense termen «norskdom» i ein namngjevingssamanheng? Definisjonen i *Nynorskordboka* (1986: 488) av omgrepene er todelt og vag: «**1** det å vere norsk, **2** norsk særhått, preg, særleg i språk og kultur». I det nemnde «norskdomskorpuset» har eg konsentrert meg om namneord med historiske røter, men kva med samtidsheltar? Dei seinaste førekommstane av det frekvente hingstenamnet *Fridtjov*, som tidleg i tidsrommet venteleg vart sterkt eksponert av litteraturen til Esaisas Tegnér, kan sjølvsagt ha vorte motivert av polarhelten som i kraft av både haldning og handling vart ei personifisert samtidig nasjonalstoltheit. *Nansen* var elles nytta som namn til tre vestlandshingstar, og *Fram* til to. Den generelt breie bruken av sistnemnde namneord kan eksemplifisere vanskane med å spore namnemotivasjon: I tillegg til å vere vestlandshingstnamn vart det m.a. nytta til eit vekeblad (og til den radikale krinsen kring Olaus Fjørtoft, som gav bladet ut) på 1870-talet (SNL 4: 525), til dølehungstar fødde i 1889 og 1891 (Petersen 1902), til det kjende skipet som vart nytta til oppdagingsferder på 1890-talet (SNL:ibid.), til fleire frilynte ungdoms-/studentlag (Tvinnereim 1981: 59f), til ungdomslagsblad (ibid.: 68), til 25 losjar (Pettersen 2004:132), til ungdomshus, og endeleg til seks geitebukkar på 1900-talet

(Karbø & Kruken 1994: 164). Namngjevarane av vestlandshingstar har nok henta inspirasjon utanfor namneforrådet som høyrer rasen til, men kva onomastikon som har vore til reell inspirasjon ved dei einskilde namnevala, er det uråd å gje svar på. Sjølv om eg ikkje har sortert *Fram* som «norskdomsnamn» her, kan det sjølvsagt ha vorte assosiert med nettopp norskdom av namngjevarane. Noko av det same gjeld for det nemnde *Fridtjov/-f*, som longe hadde vore eit frekvent skipsnamn då hingstane med namnet vart døypte. Rogan (1992: 79) nemner fenomenet som kystmålaren Andreas Vibe kalla «Fridthjof-epidemien», ein namnemote som skal ha sett sterkt preg på norsk båtnamnskikk i 1820-åra. Assosierte namngjevarane av hest namneordet med ein båt? Med ein historisk person? Med ein samtidshelt? Eller med ein tidlegare kjend hest med same namn? Det er naudsynt å ha i tankane at forråda namngjevarane av hest faktisk har valt frå, kan vere andre enn dei tilsynelatande sjølvsagde, og at det tidleg må ha etablert seg eit breitt onomasikon for den store gruppa som har vorte omtala som *övriga namn* (jf. t.d. Andersson 1994: 15), utan at det sistnemnde hingstenamnet, og andre i same kategori, får ein mindre nasjonal karakter av den grunn.

I defineringa av «norskdomskorpuset» er det jamt mange leksikalske namn som kan plasserast mellom tvil og visse. Kva med hingstenamna *Astrup* og *Ulman*, som er identiske med namn på kjende venstrepolitikarar frå samtida? Kva med *President Christie*? Kva med segnomsuste namneord som *Dalegudbrand* og *Møllargutten*, og med namnet *Frikk*, som kan assosierast med eventyrverda som nordmenn var så stolte av? *Storebingen* og *Storegut* vil mange relatere til nasjonal 1800-talslitteratur. I same tvilsdeild kan vi også plassere hingstenamn av typen *Folgefonden*, *Vøringen* og *Nordkap*, som speglar stednamn knytte til norske «fellesåtte» naturmonument. Samanlagt er slike uvisse tilfelle nokså talrike i korpus, og dét må ein slå seg til ro med. Like visst som at motivasjonen til den einskilde namngjevaren hadde grobotn i private assosiasjonar, får ein konstatere at eit tenkt abstrakt «norskdomsonomastikon» ikkje kan hegna av statiske skilje. Ei realistisk framstilling av dette forrådet er, paradoksalt nok, avhengig av å vere diffus. Her lyt ein berre snuse etter eimen, og at ein tydeleg og tidstypisk nasjonalpatriotisk dunst, eit idébunde drag, seiv ut frå vestlandsstallane (eller kanskje rettare sagt ut av utstillingsringane) sist på 1800-talet, er merkbart.

### 3 Etterord

Når eg no har søkt å illustrere ei i røynda like vag som tydeleg tidsånd i norske hingstenamn frå 1800-talet, og av dei endrande vilkåra for namngjeving av avls-hingstane, har føremålet mitt vore todelt. For det fyrste har eg ønskt å målbere at nordmenn tilsynelatande, i ein generelt patriotisk og ikkje minst *historisk* orientert tidsbolk, kommuniserte tidstypiske verdiar gjennom val av husdyrnamn. Vidare har det ikkje minst vore sentralt å setje fokus på at systemskiftet i jordbruket må ha

katalysert ei endring når det gjeld kva onomastikon som var i faktisk bruk hjå namngjevarane. Brigdet har kan ha vore like omfattande som det er umåleleg i dag.

Det bør altså kunne slåast fast at den breie «leiteaksjonen» etter det nasjonale; nordmennene sin definierings- og stadfestingsprosess av sjølve *norskdomen*, prega namngjevinga av vestlandshingstar, og at fara vart markante, trass i at dei ikkje kan teiknast med skarpe kantar. Trenden eg har omtala, kan neppe ha eksistert i tilsvarende omfang i eldre tid. Då var namnebrukarkrinsane for hestenamn langt snevrare, og utgåvene til Jacob Aal og P. A. Munch av *Heimskringla* hadde enno ikkje gjort gamle nasjonalheltar kjende og akta av folket. Den generelt store førekomensten av sekundære hingstenamn i perioden bør difor langt på veg lesast som ein konsekvens av at avlsorganiseringa indirekte fekk utvida namnebrukarkrinsar og innverkand frå den politiske dagsordenen i samtida..

Gjer ein nokre sporadiske etterrøkingar i tidlege offisielle namneregister for andre husdyrslag, ser ein at norskdomsbølgja generelt har skylt inn over norske terionomastikon<sup>15</sup>. Ho bløyte ikkje berre vestlandshingstane. Det eldste stambokbandet for dølehingstar (Petersen 1902) vitnar om at den nasjonale dåmen vart markert mest like tydeleg i namngjevinga for hanndyr av den andre særnorske hesterasen, og sjølvsagt kan vestlandsbønder ha henta inspirasjon austifrå (og austlendingar vestifrå) når namn skulle veljast. Namna i det fyrste stambokbandet for austlandske raudkoller (Baashus-Jessen 1926), som inneheld namn for oksar fødde f.o.m. 1890, tyder også på nasjonal orientering, om enn i mindre mon. Både *Blåmann og Lykle* (Karbø & Kruken 1994), *Stambok yver rygjasau 1* (Kvadsheim 1926) og *Norsk svinestambok 1* (Berge 1930) syner elles at «norskdomsnamn» har vorte gjevne til både bukkar, vêrar og rånar, men jamt mindre enn til storfe, og langt sjeldnare enn til hingstar. Trekket er såleis ikkje særmerkt for vestlandshingstane, sjølv om den relative representasjonen av «norskdomsnamn» tykkjест høgre for desse. No er det rett nok ikkje beinkløyvt å utan vidare samanlikne dei tidlegaste offisielle namnekulturane for ulike husdyrslag, sidan både stambokføring og utstillingsverksemど tok til på ulike tidspunkt, og ikkje minst fordi sjåa for hest jamt var færre (og såleis i større grad regionalt samlande) enn sjåa for storfe og småfe. Faktumet om ein meir eller mindre felles *namnetypologi* mellom husdyrslaga kan uansett leie inn på interessante aspekter:

- Utviklinga av eit moderne husdyrhald, der den generelle kommunikasjonen har vore aukande, må ha medverka til å bryte ned (delar av) skilja som eventuelt fanst mellom meir eller mindre åtskilde onomastikon som var ”reserverte” til visse *husdyrslag*.<sup>16</sup>
- Dei geografiske isoglossane for ulike terionomastikon må ha vorte flytta.

Husdyrnamnkulturen i moderne tid tykkjест å ha vorte stadig meir einsarta. Ei utvisking av skilje har truleg gjort seg gjeldande både *innanfor* eit samla teriono-

Hovdas oppfatning av namnet som ei opphavleg *i*-stamme verkar ikkje urimeleg. Den omlydde diftongen kan tala for det, jamvel om det ikkje kan seiast å vera eit bindande argument. Tydingsframlegget hans verkar i alle fall overtydande nok. Men dei andre namna i gruppa synest å stå ganske opne når det gjeld språkleg innhald. Den språklege forma desse namna har i dag, kunne i samsvar med det vi har sett ovanfor, tyda på at det er tale om fem opphavleg usamansette namn med gno. einstavings form i samsvar med Noreen 1970:

§ 412-18. Uttalen i dag med tonem 1 og bevart *r* talar for at dei alle har hatt stamme med utlydande *-r* i gno.

Mest ope for tolking er nok namnet *Røvær* slik også NG X held fram. I forhold til gno. kan rotvokalen her som vi har sett, «have været opr. e, i, o, u, y eller ø». Viktigast når det gjeld dette namnet må i alle fall vera å få det avvikla som namn samansett med *-vær*. Namnet burde difor normerast til *Røver* i skrift. Samband med ei rot \**rei-* er elles mogleg her og slektskap med geng. *rāw*, *ræw*, *rōw* i tydinga 'rekke', 'rad' etc. tenkjeleg, utan at det synest råd å argumentera bindande for det.

Som alternativ til Hovdas oppfatning av *Trøyter* som gammal *i*-stamme, kan også dette namnet sjåast som ei einstavings konsonantstamme, slik vi har vore inne på allereie. Omlydsvokalen vil i så fall innebera at namnet er eit fleirtalsord (jf. Noreen 1970: §412). Det må kunna sjåast som mogleg utan at Hovdas framlegg til tyding dermed fell bort. Også *Røvær* kan i utgangspunktet vera eit fleirtalsord, slik at rotvokalen i så fall må skjønast som *i*-omlyd av /o:/ . Det vil gi mening om vi oppfattar øyane som utgjer *Røvær*, som ei rad eller ei rekke. Sett frå land kan det vera reelt grunnlag for dét.

Når det så gjeld namna *Urter*, *Gitter-* og *Hidler-* synest det rimeleg å sjå det siste i samanheng med øynamnet *Hidle*, der NSL med tilvising til NG X som (s. 243) gir innhaldet «Afsats, Terrasse». NG X (s.st.) viser elles til at dette namnet «findes ofte paa Vestlandet som Navn paa Øer.»

Dei to siste namna, *Urter* og *Gitter*, synest å vera dei minst gjennomsiktige i denne gruppa på fem. Bugges tolking av *Urter* verkar altså ikkje å gå opp, jamvel om ho elles kan synast attraktiv nok. Ei rot \**uer-*, «fukt» etc. med nyare former som *ur*, *yr* (de Vries 1962: 635f.) kan vel tenkjast å liggja til grunn her. Ei stammedanning med *-bra* ville språkleg kunna tenkjast, eit suffiks som opp-havleg «laga substantiv med reidskapstyding» (Torp 1974: § 32). Men dette har «inte visats vara produktivt som namnbildningssuffiks» i Norden, har det vore hevda (Andersson 1974: 301), så det lyt stå ope. *Urter* som 'yr- eller skoddeøya' vil i alle fall kunna tenkjast, utan at det kan seiast å vera så alt for overtydande. Endeleg vil vel *Gitter-* kunna sjåast i samanheng med substantivet *gjá f*, 'kløft, bergsprekke': Øynamnet ville då kunna tyda noko slikt som 'den oppsprukne øya, øya full av kløfter' e.l. Det kan gi mening utan heilt å fjerna det «dulrume» ved namnet, som Huglen så råkande uttrykkjer det.

Det kan altså sjå ut til at vi langt på veg må slå oss til tols med at dei skjergardsnamna vi her ha sett på, har «noko dult» ved seg. Men det å kunna rekna dei som gamle einstavings konsonantstamme-ord og dermed som usamansette namnedannningar, synest likevel å hjelpe eit lite stykke på veg. Det gjer at vi kan rydda bort folkeetymologiseringa som tilsynelatande gjer *Røver* til eit namn samansett med *-vær*. Om namna elles på eit tidlegare steg i språkhistoria enn

gno. er avleidde med eit suffiks med homogent opphav eller ei, synest uklårt. Det kunne i så måte vera bryet verdt å sjå etter tilsvarande namn langs kysten. Det vil kanskje kunna føra oss eit steg vidare i det å skjøna slike namn som språklege minnesmerke.

## Litteratur

- Andersson, Th. 1974: Om ortnamnssuffikset *-str-*. I: Nordiska namn. Festschrift till Lennart Moberg 13 desember 1974, 292–312. Uppsala: Lundequistska Bokhandeln.
- Bugge, S. 1904. Bidrag til Forklaring af norske Stedsnavne. Arkiv för nordisk filologi XX, 333–358.
- Hovda, P. 1961: Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médboeker. Skrifter frå Norsk stadnamnarkiv 2. Oslo–Bergen: Universitetsforlaget.
- Nes, O. 1974: Nokre øynamn laga til germansk \*hī-. MM 1974. 53–65.
- Nes, O. 1991: Nokre norske stadnamn. *Fister, Luster og Oster*. NoB. 79. 33–41. Trykt på nytt i Bondevik, Jarle og Ole-Jørgen Johannessen (red.) Nes om Namn. Heidersskrift til Oddvar Nes på 70-årsdagen 27. desember 2008. Bergen: Norsk Bokreidingslag. 111–120.
- NG 10 = Norske Gaardnavne 10. Kristiania 1915.
- Noreen, A. 1970: Altnordische Grammatikk I. Altländische und altnorwegische Grammatikk (Laut und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des Urnordischen. 5. unveränderte Auflage. Tübingen: Max Niemeyer Verlag. 1. oppl. 1884.
- NSL = Sandnes, Jørn og Stemshaug, Ola (red.). 1997: Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nyman, E. 2007: Några suffixavledda ortnamnstyper i Norden. Reflexioner utifrån spridningsbilderna. NORNA-rapporter 82. 171–191. Uppsala: Norna-Förlaget.
- Saltveit, A (red.). [1995]: Reinhard Huglen. Skåre. Landskap og oldtidssoge [stensilttrykk]. Hauge-sund.
- Torp, A. 1974: Gamalnorsk ordavleidning. Nyutgåva med rättelser och register ombesörjd av Gösta Holm. = Scripta Minora Regiae Societatis Humaniorum Litterarum Lundensis 1973–1974:2. Lund: CVWK Glerup. 1. utg. 1909.
- de Vries, J. 1962: Altnordisches etymologisches Wörterbuch. Leiden: E.J. Brill.

# Magnus Olsens forsking om dei norske *staðir-* og *land-* namna

av Inge Særheim

*The topic of this article is Magnus Olsen's study of settlement names ending in -stad (ON -staðir) and -land. In NG as well as in Olsen's book Åttegård og helligdom (1926, published in English in 1928 with the title Farms and Fanes of ancient Norway), it is stated that the first element in most of the Norwegian staðir-names is a personal name or a nickname, and that the names of this type were made in the Viking Age and the two preceding centuries. In recent times these views have been questioned by several Norwegian onomasts and historians who have studied staðir-names in certain areas. The general view now is that the number of personal names as the first element is considerably lower than believed by Olsen, Rygh a.o., and that the staðir-names in general are older than suggested by them. In Olsen's book from 1926 the agrarian character of the settlement names ending in -land is emphasized. Quite common as first elements are words for different types of trees and plants, as well as words for meadows, pastures, the keeping of livestock and the growing of crops. Olsen dates the land-names to approx. 400–800 AD, however, some names of this type are believed to be made in the Viking Age. The agrarian character of the land-names has also been underlined by onomasts and historians in recent times. Some researchers have argued that several land-names denoting farming settlements that were deserted approx. 550 AD, seem to have been passed on in the local oral tradition up to present day, due to the fact that the farm land has been used by a central farm in the neighbourhood.*

## 1 Innleiing

Under eit seminar om eldre norsk busetnadshistorie, arrangert av Norsk lokalhistorisk institutt og Norsk agrarhistorisk forskergruppe på Utstein kloster i august 1978, gav ein av føredragshaldarane, Arnvid Lillehammer, uttrykk for

kritikk av di det ikkje var sett av tid til føredrag om stadnamn ved seminaret. Han stilte det retoriske spørsmålet: «Har det hendt stort nytt innan den sektoren av gardsstudia sidan Magnus Olsen gav ut «Ættegård og helligdom»?» (Lillehammer 1979:37).

Dette spørsmålet – med underliggende synspunkt – illustrerer den sentrale posisjonen Olsens forsking om gardsnamn og eldre busetnadsutvikling har hatt og framleis har blant arkeologar og faghistorikarar, og blant namnforskjarar, kan det leggjast til. Den nemnde boka, som har undertittelen «Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst», kom ut i 1926. Ei engelsk utgåve, *Farms and Fanes of ancient Norway*, kom to år etter.

For vel 100 år sidan, i 1909, kom det første nummeret av fagtidsskriftet *Maal og Minne* ut, med Magnus Olsen som grunnleggjar og den første redaktøren. Med dette som bakgrunn var Magnus Olsen som namnegranskar vald som hovudemne for den 12. nasjonale konferansen i namnegransking i Oslo 20. november 2009. I dette perspektivet er det av interesse å vurdera Magnus Olsens forsking om sentrale gardsnamnklassar, bl.a. *staðir-* og *land-*namna, sett i lys av nyare forsking. Både namnetypane har vore mykje omtala i namnfagleg litteratur dei siste 50 åra, særleg *staðir*-namna, som kan seiast å vera den mest omdiskuterte namnetypen i Norden. Også arkeologar og historikarar har drøfta desse namneklassane i gards- og busetnadshistoriske forskingsarbeid, bl.a. Lillehammer (1994) og Myhre (2002).

## 2 Gardsnamn på -*staðir*

### 2.1 Utbreiing og tidlegare forsking

Ein finn *staðir*-namn over storparten av det nordiske språkområdet, ca. 2500 i Noreg, 2000 i Sverige, 1160 på Island, 230 i Danmark, dessutan ca. 90 namn på øyar vest i havet (Shetland, Orknøyane, Hebridane og Man). Tilsvarande namn ser ut til å førekoma andre stader i det germanske målområdet, både i England, Nederland og Tyskland.

Forskinga om *staðir*-namna gjeld særleg føreleddstypane, den opphavlege tydinga og den språklege forma til etterleddet, den historiske bakgrunnen og alderen til namna, dessutan utbreiing og moglege spreiingsvegar. Av viktige forskingsarbeid kan nemnast doktoravhandlingane til Linde, *Studier över de svenska sta-namnen* (1951), og Kousgård Sørensen, *Danske bebyggelsesnavne på -sted* (1958). Eit anna viktig bidrag er forskingsrapporten *En diskussion om sta-namnen* (utgjeven av Holm, 1967), med innlegg og ordskifte frå eit symposium i Lund i 1963.

Dei siste 25 åra har det vore ny diskusjon om denne namnetypen blant norske namnegranskarar, med bidrag av bl.a. Akselberg (1984, 2006), Særheim (1985, 2001, 2006), Ellingsve (1995), Sandnes (1996, 2000), Korslund (2002), Schmidt

(2006) og Johannessen (2006). Sandnes (2000) gjev ei samanfatning av debatten og peikar på hovudspørsmål som treng avklaring: 1) dateringa, 2) føreleddstypane, 3) tydinga til etterleddet, 4) bakgrunnen for bruken av fleirtalsform i etterleddet.

Også blant svenske forskrarar har det i seinare tid vore fornva diskusjon om denne namnetypen, med bidrag av bl.a. Holm (1993, 1999, 2000), Elmevik (1994, 2000), Sandred (1999) og Vikstrand og Zachrisson (2006). I 2004 vart det arrangert eit tverrvitskapleg NORNA-symposium om denne namneklassen på Utstein kloster, der islandske, danske, svenske og norske forskrarar deltok med innlegg. Innlegga er publiserte i rapporten *Busetnadsnamn på -staðir* (Særheim et al. 2006).

## 2.2 Magnus Olsens forsking om *staðir*-namna

Av dei spørsmåla som Olsen tok opp i forskinga si om *staðir*-namna, er det særleg to område som fortener nærmare omtale, nemleg den historiske bakgrunnen og alderen til namna av denne klassen, dessutan føreleddstypane. Særleg det sistnemnde har vore mykje drøfta av namneforskrarar i seinare tid.

### 2.2.1 Føreledda i *staðir*-namna

Olsen reknar med, som Rygh i *Norske Gaardnavne*, at *staðir*-namna er primære busetnadsnamn, og at etterleddet tyder ‘buplass, staden der busetnaden ligg’ (jf. Rygh 1898:77, Olsen 1926:96 f.). Dette kan seiast å vera den vanlege oppfatninga blant namneforskrarar når det gjeld vestnordiske namn av denne typen.

Også når det gjeld føreledda, byggjer Olsen på tradisjonen frå Oluf Rygh (op. cit. 78). I einskilde band av *Norske Gaardnavne* er det, som kjent, rekna med at dei aller fleste *staðir*-namna (ca. 80 %) er samansette med eit personnamn, helst eit mannsnamn eller mannstilnamn, gjerne med bakgrunn i ein person som har grunnlagt garden, ev. budd der ei tid.

I *Ættegård og helligdom* skriv Olsen: «I *staðir*-navnene holder personnavnene sitt store inntog i de norske stedsnavn» (1926:96, jf. òg 1939:25). Dette blir sett i samanheng med overgangen frå storfamilie til einskildfamilie ved oppbrot frå den gamle ættgården og grunnlegging av ny buplass i nærleiken: «Å grunne en *staðir*-gård (...) var ingen liten sak. Det var manns gjerning, og det blev derfor mannsnavn som i regelen kom til å danne første ledd i disse gårders navn» (1926:99).

Synspunktet til Rygh og Olsen har fått støtte av fleire forskrarar, som Sahlgren (1927), Franzén (1937), Steenstrup (1918), Finnur Jónsson (1905–15) og Ólafur Lárusson (1939). På 1950-talet stilte forskrarar som Linde (1951) og Kousgård Sørensen (1958) spørsmål ved desse synsmåtanane, som vart kalla *homogeniseringsteorien*; jf. òg Hellberg 1967. For danske *sted*-namn reknar

Kousgård Sørensen med samansetjing med personnamn i berre ca. 20 % av tilfanget (1958:241, 281), men for norske namn heldt han på personnamnføreledd.

Fleire namneforskarar og historikarar som sidan 1960-åra har granska norske namn av denne typen, har kome fram til at omfanget av personnamnføreledd i slike namn er klart mindre enn føreslått av Rygh og Olsen, bl.a. Sandnes (1965:144 ff., 1996:69 f., 2000:58 ff.), Lunden (1970:150 f.), Akselberg (1984:79), Særheim (1985:48 f., 2001:31 ff., 2006:160), Ellingsve (1995:46 ff.) og Schmidt (2006:143).

Synet til Rygh, Olsen o.a. høver med framstillinga i *Landnámabók* og dei islandske ættesogene om landnåmet på Island, der det er omtale av personar som har teke land på vedkomande stader, t.d. *Hallkell* på *Hallkelsstaðir* og *Geirmundr* på *Geirmundarstaðir*. Som kjent, har somme forskrarar, ikkje minst Þórhallur Vilmundarson (jf. 1980:57 ff.), drege i tvil slike framstillingar som pålitelege kjelder når det gjeld opphavet til *staðir*-namn. Ifølgje *Svenskt Ortnamnslexikon* (2003:289 f.) er ein stor del av dei svenske namna på *-sta(d)* samansette med eit personnamn, men det er understreka at det òg førekjem mange nemne for tre(slag), terrengtypar, kulturmark, dessutan adjektiv.

I band 10 av *Norske Gaardnavne* (*Stavanger amt*, dvs. Rogaland fylke), som er utgjeve av Olsen (1915), er det t.d. rekna med personnamnføreledd i meir enn 80 % av *staðir*-namna. Men ifølgje ei nyare undersøking ligg prosentsatsen knapt høgare enn ca. 30–40 %, med ein viss regional skilnad: klart fleire personnamnføreledd i Nord-Rogaland enn i Sør-Rogaland (Særheim 2006:160). Dei ulike tolkingsmåtane av føreledda i namna kan illustrerast ved nokre døme.

I *Sæstad* (Egersund; *Sæstad* 1521) er det i *Norske Gaardnavne* framlegg om samansetjing med eit rekonstruert mannsnamn, anten gno. \**Særeifr* eller \**Særekr* (Rygh 1915:81). Men rimelegare synest gno. \**Sæstaðir*, samansett med gno. *sær* m. '(inn)sjø', venteleg med real bakgrunn i Sæstadvatnet, som garden ligg ned til (Særheim 2001:34). Noko av utmarka til Sæstad strekkjer seg òg ned til sjøen. Same føreleddet finst i *heim-*, *land-* og *bø*-namn.

I *Skastad* (Skåre, no Haugesund; *Skaddestad*, *Skatteste* 1519, *Skottested* 1521, *Skagestadt* 1563, *Schagestad* 1567) er føreleddet tolka som mannsnamnet gno. *Skagi* (Rygh 1915:415). Rimelegare tykkjест samansetjing med appellativet gno. *skagi* m. 'nes, odde', som realt kan sikta til at garden ligg ved eit nes i Stakkastadvatnet (Særheim 2006:171 f.). Dette er òg framlegg i bygdeboka for Skåre, der også den nemnde tolkinga i *Norske Gaardnavne* er referert (Langhelle et al. 1999:96).

I *Skogestad* (Sokndal; *Schoustad* 1610, *Skougstadt*, *Skouffstad* 1616) er det føreslått samansetjing med eit lite brukta mannsnamn, gno. *Skógi*, ev. med eit

likelydande mannstilnamn (Rygh 1915:3 f.). Ei tilsvarande forklaring, ev. samansetjing med eit sterkt bøygð mannsnamn, gno. *Skógr*, er lagd fram for *Skogstad* (*Skaugstad* 1723), som er registrert som bruksnamn på Røydland i Helleland (no Eigersund); same namnet førekjem elles på Hogstad i same herad. Meir truleg inneholdt desse namna appellativet gno. *skógr* m. ‘skog’, noko som høver med topografien og vegetasjonen (Særheim 2001:33 f.). Dei to bruksnamna frå Helleland kan ev. innehalda eit samansett appellativ der ein finn orda gno. *skógr* m. og *staðr* m.

I *Laupstad* (Eigersund; *Løbstaid* 1567, *Løuffstad* 1616) tolkar Olsen føreleddet som eit rekonstruert tilnamn gno. \*(*h*)*laupandi* m., laga til verbet *hlaupa* (Rygh 1915:87). Men heller ikkje dette (til)namnet er kjent frå mellomalderliteraturen. Rimelegare tykkjest samansetjing med gno. *lauf* n. ‘lauv’, ev. laging til eit samansett gno. \**laufstaðr* m., med bakgrunn i at ein på denne staden har sanka lauv til dyrefør for vinteren. Ein parallelle blant *land*-namna er i så fall *Lauland* (Sokndal; *Løfflandt* 1522), tolka som gno. \**Laufland* (Rygh 1915:20, Særheim 1999:118). Konsonantgruppa /ps/ for /s/ er vanleg i dette målføreområdet, jf. /<sup>1</sup>lepsa/ for *lefse* f.

I *Oppstad* (Nærbo, no Hå; *Wpstad* 1519, 1521) er det framlegg om personnamn som gno. *Ulfr*, *Alfr* eller *Óláfr* (Rygh 1915:111 f.). Men dette er ikkje rimeleg. *Óláfr* kan avvisast lydhistorisk, for eit føreledd med to eller fleire stavningar ville ha gjeve bortfall av *a*-en i etterleddet i dette målføreområdet, t.d. /<sup>1</sup>godmest/ < gno. \**Guðmundarstaðir* (jf. Særheim 1985:40 ff.). Det er god grunn til å rekna med at *Oppstad* inneholdt gno. *upp* adv. ‘opp’, noko som høver med målføreuttalen, med eldre skrivemåtar og med leiet til garden. Same føreleddet finn ein i norske *heim*--, *vin*- og *land*-namn, dessutan i *staðir*-namn frå andre landsdelar.

Det kan gjevast mange fleire døme på *staðir*-namn der utgjevarane av *Norske Gaardnavne* (bl.a. Olsen) har tolka føreleddet som eit personnamn, men der samansetjing med eit terregnappellativ e.a. synest rimelegare, jf. Særheim 2006, Akselberg 1984, Ellingsve 1995, Schmidt 2006.

Konklusjonen på dette punktet blir at Olsen, Rygh o.a. har gått altfor langt i leitinga etter personnamnføreledd i *staðir*-namna. Fleire namn synest vera ‘pressa’ for å få teorien til å stemma. Mange tolkingar til rekonstruerte og lite brukte person- og personstilnamn bør avvisast, for andre tolkingar, til ord for terrenget, leiet o.a., synest rimelegare. Men det må understrekast at mange namnettolkingar er uvisse. I fleire høve er det – språkleg og realt – råd å tolka føreleddet både som eit personnamn og som eit naturnemne. Det finst utan tvil mange personnamnføreledd i *staðir*-namna, noko som kan seiast å vera eit kjennemerke for denne namnetypen, og som skil *staðir*-namna frå andre busetnadsnamn frå om lag same perioden, t.d. *land*-namna.

### 2.2.2 Alderen til *staðir*-namna

Olsen daterer norske *staðir*-namn til vikingtida og dei to føregåande hundreåra, dei eldste laga om lag 650 e.Kr. Denne dateringa byggjer han bl.a. på det språklege innhaldet i føreledda, dessutan på reale tilhøve, som leiet, tilhøvet til andre gardar i bygdelaga, arkeologisk materiale og namngjevinga på Island. Viktige grunnar til at han ikkje vil føra namna lenger attende i tid enn til ca. 650 e.Kr., er den store lydendringa som skjedde like før denne tida, dvs. synkopen, dessutan at storparten av namna skal innehalda personnamn. Men han tek «et kraftig forbehold for de *staðir*-navns vedkommende, som ikke er sammensatt med personnavn» (1926:96). Olsen peikar elles på at mange *staðir*-gardar er sekundære i høve til dei eldste gardane i bygdelaga, men han understrekar: «De norske *staðir*-gårder er ingen utkant-gårder, om de enn ofte omgir og fyller ut mellemrummene mellom de eldre gårder» (op. cit. 99).

Forskarar vil i dag gjerne føra dei eldste *staðir*-namna (i utvalde område) lenger attende i tid enn Olsen, nemleg til eldre jernalder, jf. Fett 1946:40, Sandnes 1965:144, 2000:58, Stemshaug 1985:105, Særheim 1985:54, 1999:346, Berntsen 2002. Til grunn for slike vurderingar ligg både språklege og ikkje-språklege tilhøve, bl.a. arkeologisk tilfang, skattlegginga i mellomalderen, stor-gardsprosent, soknenamnprosent, fråflytting i krise- og omleggingsperiodar, leie og tilhøve til gardar med andre namnetypar. Både *staðir*-namna og *land*-namna synest kunna setjast i samanheng med to ekspansjonsperiodar i jordbruksket i det første tusenåret e.Kr. (Særheim 1999:42 ff.), jf. den følgjande omtalen av alderen til *land*-namna.

Ifølgje SOL (289) er dei svenske namna av denne typen laga «under en lång tidsperiod, alltför från århundradena efter Kr.f. till vikingatiden», jf. og Linde 1951:7 ff., Hellberg 1967:254, Franzén 1939 og Pamp 1988:38, dessutan Hald 1965:86 og Kousgård Sørensen 1958:239 f., som omtalar alderen til danske namn av denne typen.

## 3 Gardsnamn på *-land*

### 3.1 Utbreiing og tidlegare forsking

I Noreg finst det om lag 2000 gardsnamn med endinga *-land*. I tillegg kjem ein god slump tapte gardsnamn som no har funksjon som teignamn, dessutan ca. 100 stølsnamn, av dei mange tidlegare gardsnamn. Sverige har ca. 300 gardsnamn (bynamn) med endinga *-landa* eller *-land*, medan Danmark vantar denne namnetypen. Namnetypen førekjem òg på Island (80 stk.), Shetland (75 stk.) og Orknøyane (35 stk.), dessutan på Isle of Man og i Skottland (særleg Caithness). Også Nordvest-England har nokre namn av denne typen.

Den mest omfattande granskingsa av *land*-namna er avhandlinga *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land* (Særheim 1999). Også fleire andre

forskarar i Noreg og Norden har omtala denne namneklassen. Det har likevel vore klart mindre usemje om *land*-namna enn om *staðir*-namna.

### 3.2 Magnus Olsens forsking om *land*-namna

I *Ættegård og helligdom* har Olsen eit eige kapittel om «gårdnavn på *-land*». Han understrekar den agrare karakteren til denne namnetypen, både når det gjeld innhaldet til føreledda og etterleddet. Han skriv at namna av denne typen har blitt til ved at «en enkel landstrekning for bevisstheten har hevet sig ut over det omgivende mer likegyldige terrenget idet menneskelig virksomhet av en bestemt art knyttet sig dertil»; her viser han bl.a. til namn som *Akraland*, *Byggland*, *Rugland*, *Linland* og *Høyland* (1926:123). Størst vekt legg han på vitne-måla om åker og eng.

Olsen viser til likskapar mellom *land*- og *vin*-namna. Han legg vekt på at både namnetypane opphavleg er nytta som teignamn, og han reknar med at det er laga namn av dei to typane på om lag same tida, men at *vin*-namna (og *heim*-namna) jamt over er eldre enn *land*-namna.

Namna på *-land* bør, ifølgje Olsen, førast attende til folkevandringstida, laga i perioden 400–800, men ein god slump skal skriva seg frå vikingtida eller seinare. Han meiner at Gjessing tek forhardt i når han hevdar at namnetypen vesentleg høyrer til 400- og 500-talet. *Land*-gardane er ofte sekundære i høve til ein morsgard, gjerne nytta om nytt land som er teke opp mellom dei gamle gardane og oppover og innover i dalane og bygdene. I somme høve dreiar det seg om utflytting av einskildfamiliar frå gamle ætte- og odelsgardar, i andre høve om bustader for trælar eller frigjevne, altså som uttrykk for ei indre sosial utvikling. Døme på det sistnemnde meiner han finst i Seim-grenda i Nordhordland.

Fra Sør-Jæren nemner Olsen *Skrettingland* og *Valland*, som både inneheld namnet på grannegarden, ‘morsgarden’, som dei er skilde ut frå: «‘land’ angir et jordstykke som har vært brukt fra Skretting og Voll, og som er blitt selvstendig gårdsbruk» (op. cit. 115 f.). Det kan leggjast til at ein på Valland, som grensar til storgardane Voll og Hårr (i Varhaug, no Hå), finn tuftene etter det lengste jernalderhuset ein kjenner til frå Noreg, med ei lengd på 90–100 m, dvs. om lag som Slottet i Oslo. Parallelt ligg det ei tuft som er 45 m lang. Samla bygningsareal er her 725 kvadratmeter.

Av di mange *land*-namn innom kjerneområdet for namnetypen (dvs. mellom Telemark og Hordaland, med Vest-Agder og Rogaland som det mest sentrale stroket) har blitt soknenamn, reknar Olsen med ei eiga soknenamnsgruppe. Namna i denne gruppa skal vera eldre og utan opphavleg funksjon som teignamn, og gardane er rekna som sosialt høgareståande.

### 3.3 Nyare forsking om *land-namna* og *land-gardane*

Med nye teoriar og metodar innom arkeologien, bl.a. flateavdekkingsmetoden og forklaringa på den sterke omlegginga i gardsbusetnaden og gardsdrifta kring Kr.f. og ca. 550–600 e.Kr. (Myhre 2002:135 ff., 164 ff.), har arkeologar og agrarhistorikarar lagt fram nye forskingsresultat når det gjeld gardshistoria og busetnadsutviklinga. Mange av Olsens framlegg når det gjeld bakgrunnen – både språkleg og real – for *land-namna*, står seg likevel tolleg godt også i dag.

Olsen omtalar bl.a. øydegarden gno. \**Ullarland* under storgarden Bø i Nærø (no Hå), og han skriv: «Mon ikke dødeligheten blant *land*-navnene har været stor i de førkristelige århundrer, og mon det ikke er forholdsvis få av de *land*-navn som måtte tilhøre folkevandringstiden, som er i bruk i dag» (op. cit. 126, jf. òg 119, 133). I 1930-åra la Jan Petersen fram granskingsane sine av førhistoriske øydegardstufter i Rogaland, dei fleste daterte til folkevandringstida. Han peikar der på at det er knytt eit *land-namn* til fleire av stadene (1933, 1936).

Frå eit avgrensa område i Sør-Rogaland og ein tilgrensande snipp av Vest-Agder er det registrert ca. 150 namn på *-land* som tykkjест vera eldre gardsnamn av denne typen. Dei er av same typen som og i fleire høve identiske med eksisterande gardsnamn på *-land*. Ved hjelp av slike øydegardsnamn på *-land* – og på *-stad*, *-heim*, *-bø* mfl. – kan ein truleg rekonstruera eit meir opphavleg namnemiljø frå jernalderen. Mange gardar som har vorte fråflytte, ser ut til å vera knytte til og stå i eit avhengigheitshøve til ein meir sentral gard – ein sentralstad – i området, og har seinare blitt innlemma i denne meir sentrale gardsbusetjinga. Ein reknar med at dette har skjedd ved omlegginga av gardsdrifta og gardsstrukturen på 500-talet e.Kr. Jorda har blitt brukt av den sentrale garden og folka der har (ofte) halde fram med å nytta namnet på den fråflytte garden. Døme på dette kan ein finna bl.a. på Bø (Nærø, Hå), Fuglestad/Bø (Ogna, Hå), Lura (Sandnes) og Høyland (Sandnes), jf. Særheim 1999:330 ff.

Sjølv sagt har Olsen rett i at mange *land-namn* frå folkevandringstida har gått tapt, men det ser ut som ein god slump har levd vidare av di jorda, som nemnt, har blitt nytta av det sentrale gardsmiljøet i området etter at folka på dei fråflytte gardstuna flytte inn til den meir sentrale buplassen.

Nyare landbrukshistorisk forsking viser at det har vore (dels samanhengande) landbruk sidan eldre bronsealder (og jamvel yngre steinalder) på stader der ein no finn gardsnamn som knapt går så langt attende i tid, t.d. på *bø*-gardar som *Sørbø* og *Slettabø*, på *land*-gardane *Rugland*, *Valland* og *Stangaland*, på *stad*-garden *Orstad*, på *heim*-garden *Norheim* og på *vin*-gardane *Line* og *Sandve*. Namna som høyrer til slike namnetypar, har nok hovudsakleg kome til seinare, gjerne som følgje av og etter den omlegginga som skjedde kring Kr.f. (med start i hundreåret før Kr.f.), då ein reknar med at institusjonen ‘gard’ med sin

spesielle gjerdestruktur vart etablert (Myhre 2002:135 ff., 164 ff., og munnlege opplysningar frå Bjørn Myhre).

Det er elles interessant at ein innom eit område kan finna både store og små gardar med same namnetypen, t.d. *Nærland* (stor gard) og *Høneland* (liten gard), noko som indikerer klare sosiale skilje innom gardssamfunnet, men ikkje nødvendigvis skilje i alder. Nokre einskildnamn kan ha høgare alder enn hovudgruppa, t.d. dei usamansette *Landa* (Forsand) og *Bø* (Nærø, Hå), dessutan namn som ikkje inneheld kjende nemne: *Goa*, *Sola*, *Soma*, *Orre* mfl.

## 4 Sluttord

Det har skjedd mykje i forskinga om gardsnamn og gardshistorie sidan Magnus Olsen gav ut *Ættegård og helligdom*, og det rådande synet blant onomastar, arkeologar og historikarar har endra seg på fleire område av dette fagfeltet sidan han la fram teoriene sine. Likevel er det også i dag naturleg og nødvendig for forskarar innom slike fagområde å dra inn teoriene, grunngjevingane og konklusjonane til Olsen. Det gjeld ikkje minst dei språklege analysane av namna og dei sosiale sidene ved gardshistoria og busetnadsutviklinga.

## Litteratur

- Akselberg, Gunnstein. 1984: Vikingtidsindividualisme eller naturnemnerelasjonar? Om utmerkingsslekkane i *staðir*-namn på Voss og i grannebygdene i indre Hordaland sett på bakgrunn av eldre og nyare nordisk gransking. NN 1. 51–83.
- Akselberg, Gunnstein. 2006: Kor lenge var *staðir*-namna produktive? NORNA-rapporter 81. 19–37.
- Berntsen, K. 2002: Historikernes bruk av navnegranskning og arkeologi med utgangspunkt i daterringen av navneleddet -staðir. Utrykt hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Oslo.
- Ellingsvæ, Eli. 1995: Søkelys på Olf Rygh. NN 12. 35–50.
- Elmevik, Lennart. 1994: Ortnamnselementet fornnordiskt *-staðir* – innebörd och ursprung. NORNA-rapporter 54. 113–25. Uppsala.
- Elmevik, Lennart. 2000: Om ortnamnselementen *-sta(d)* och *-lösa*. NoB 88. 69–87.
- En diskussion om *sta*-namnen. Förfhandlingar vid symposium i Lund 1963, utg. av Gösta Holm. 1967. Lund.
- Fett, Per. 1946: *Staðir*-gardar frå 400-talet. MM 1946. 35–41.
- Jónsson, Finnur. 1905–15: Bæjanöfn á Íslandi. Safn til sögu Íslands 4. 412–584.
- Franzén, Gösta. 1937: Vikbolandets by- og gårdnamn. Nomina Germanica 1. Uppsala.
- Hald, Kristian. 1965: Vore Stednavne. 2. udg. København.
- Hellberg, Lars. 1967: De gotländska ortnamnen på *-städe* och *-städar*. En inledande studie över elementet *-staðir* och ortnamnets pluralitet. NoB 46. 1–114.
- Holm, Gösta. 1993: De germaniska *sta*-namnens uppkomst och de nordiska *sta*-namnens pluralitet. Förslag till problemens lösning. NoB 81. 33–49.
- Holm, Gösta. 1999: Ortnamnselementet fornnordiskt *-staðir* – innebörd och ursprung. NoB 87. 43–46.
- Holm, Gösta. 2000: Uppkomsten av de germaniska ortnamnen på *-sta*, *-staðir*, *-sted*, *-stead*, *-stetten* osv. NORNArapporter 70. B. 131–141.

- Johannessen, Ole-Jørgen. 2006: *Mongstad og Jonstad* – gamle gårder med unge navn eller unge gårder med unge navn? NORNA-rapporter 81. 105–126.
- Korslund, Frode. 2002: Forleddene i norske *staðir*-navn (med noen tanker om etterleddets betydning og navneklassens alder). NN 19. 55–73.
- Kousgård Sørensen, John. 1958: Danske bebyggelsesnavne på *-sted*. Navnestudier udg. af Stednavneudvalget 1. København.
- Langhelle, A. et al. 1999: Skåre. Gard og folk 2. Haugesund.
- Lárusson, Ólafur. 1939: Island. I: Stednavne. Nordisk kultur 5. Utg. av M. Olsen. 60–75.
- Lillehammer, Arnvid. 1979: Garden på Sørvestlandet i jernalderen. I: På leiting etter den eldste garden. R. Fladby og J. Sandnes, red. Skrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt 6. Oslo.
- Lillehammer, Arnvid. 1994: Norges historie 1. Fra jeger til bonde – inntil 800 e. Kr. K. Helle, red. Oslo.
- Linde, Gunnar. 1951: Studier över de svenska *sta*-namnen. Skrifter utg. av Kungl. Gustav Adolfs akademien 26. Studier till en svensk ortnamnsatlas 9. Uppsala.
- Lunden, Kåre. 1970: Norske gardsnamn samansette med personnamn. Ein statistisk studie. MM 1970. 136–70.
- Myhre, Bjørn. 2002: Norges landbruks historie 1. Oslo
- Olsen, Magnus. 1926: Ættagård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst. Oslo.
- Olsen, Magnus. 1939: Norge. I: Stednavne. Nordisk kultur 5. Utg. av M. Olsen. 5–52.
- Pamp, Bengt. 1988: Ortnamnen i Sverige. Lundastudier i nordisk språkvetenskap. B 2. 5. oppl. Lund.
- Petersen, Jan. 1933: Gamle gårdsanlegg i Rogaland 1. Oslo.
- Rygh, Oluf. 1898: Norske Gaardnavne. Forord og Indledning. Kristiania.
- Rygh, Oluf. 1915: Norske Gaardnavne 10. Stavanger amt. Kristiania.
- Sahlgren, Jöran. 1927: Nordiska ortnamn i språklig och saklig belysning. 9. *Sta*-namnen i Närke. NoB 15. 1–87.
- Sandnes, Jørn. 1965: Namdalens historie til år 1600. Namsos.
- Sandnes, Jørn. 1996: Oluf Rygh og førsteførtet i gårdsnavn på *-stad*. NN 13. 67–70.
- Sandnes, Jørn. 2000: *Staðir*-forskning og *staðir*-navn i Norge. NoB 88. 53–67.
- Sandred, Karl Inge. 1999: Det engelska *stead* och det nordiska *stad* ‘kant, rand’. NoB 87. 47–55.
- Schmidt, Tom. 2006: *Staðir*-navn i Østfold. NORNA-rapporter 81. 127–45.
- SOL: Svensk ortnamnslexikon. M. Wahlberg, red. Uppsala. 2003.
- Steenstrup, J. 1918: De danske Stednavne. 2. udg. København.
- Stemshaug, Ola. 1985: Namn i Noreg. Ei innføring norsk stadnamngranskning. 3. utg. Oslo.
- Særheim, Inge. 1985: *Oppsta, Åvest, Nylst*. Litt om *stad*-namn på Jæren. Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. 12–58.
- Særheim, Inge. 1999: Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på *-land*. Avhandling for dr.philos.-graden. Universitetet i Bergen.
- Særheim, Inge. 2001: Sørvestnorske *staðir*-namn – føreledda og alderen til namna. NoB 89. 29–51.
- Særheim, Inge. 2006: Busetnadsnamn på *-staðir* i Rogaland. NORNA-rapporter 81. 159–72.
- Særheim, Inge et al. 2006: Busetnadsnamn på *-staðir*. Rapport frå NORNA-symposium på Utstein kloster 7.–9. mai 2004. NORNA-rapporter 81. Uppsala 2006.
- Vikstrand, Per og Zachrisson, Torun. 2006: Lerslätterna och *-sta(d)*-namnen. NORNA-rapporter 81. 173–211.
- Vilmundarson, Pórhallur. 1980: Safn til Íslenskrar Örnephnabókar. Grímnir 1. 57–143.

# Botanisk nomenklatur og folketradisjonelle plantenemningar

*Ei påminning om etnobotanikk som møtepunkt  
for natur- og kulturdanning*

av Odd Vevle

*This article outlines the traditional use of, and the local names of plants. It also provides a reference for classification and naming of biodiversity on a scientific basis. The first part focuses on vascular plants, the second part on vegetation types. The ethnobotanical approach focuses on the cultural heritage in naming plants, thus contributing to a backlog celebration of The Norwegian Year of Cultural Heritage 2009.*

*In Norwegian ethnobiology, the number of local names linked to local traditions is considered to be larger for vascular plants than for any other group of organisms. This cultural heritage is shown by examples from the comprehensive ethnobotanical studies compiled by Høeg (1974). The principles and the method of (plant) taxonomy and the scientific naming of vascular plants are briefly outlined by referring to the codes of international nomenclature. Homonymy and synonymy are discussed, and examples are given. Additional examples of names refer to medical use, to children's games, the environment where the plant grows, resemblance to sexual organs, or the names referring to saints or biblical persons.*

*The second part of the article discusses biodiversity on the level of communities, i.e. habitat types, vegetation types or syntaxa. Different principles of naming vegetation types are considered, the method of floristical-sociological classification is outlined, and the article refers to the international code of nomenclature of syntaxa. Some examples of names of plant communities are shown in hierarchical surveys.*

Utgangspunkt for dette stykket er artikkelen til Geirr Wiggen om norske nemningar på dyr (Wiggen 2008). Det andre utgangspunktet var Kulturminneåret,

som vart feira i 2009 og som hadde tema *Dagleglivet sine kulturminne*. Dei folkelege nemningane på dyr og plantar er ein del av språket, og dei er ein føresetnad for innsyn i og forståing av samanhengar i naturen omkring oss, og samanhengar mellom natur og kulturfag. Målsettinga med denne framstillinga er å visa litt av kulturminna som gjeld plantane, og å gjera greie for nemningar som gjeld vegetasjonstypar. Denne artikkelen er eit framhald til og ei supplering av påminninga til Wiggen (op.cit.) om etnobiologi som møtestad mellom naturfag og folketradisjon. Etnobiologi er studiet av folkelege nemningar og tradisjonar som knyter seg til plantar og dyr. Nemningane her er valde frå karplantane. Deira systematiske plassering, inndeling, vitskaplege nemning og artstal er omtala nedanfor. Talet på nemningar og tradisjonsstoff er truleg større enn for noko anna organismegruppe. Homonymi og synonymi vert diskutert, og den floristisk-sosiologiske måten å nemna vegetasjonstypar på vert gjort greie for.

### **«Møltu og bær svelte bror min i hel, fivill og fave fødde meg væl»**

### **«Raunen gjø, øspa fø, hegg gjev merg i legg, vie velte, seljå svelte»**

Ordtaka illustrerer ein kulturarv som byggjer på kjennskap til plantar som har spesielle verdiar for ulike formål. Det første gjeld to brør som gjekk vill i fjellet og måtte livnæra seg av plantane dei fann. Den eine døydde trass i at han fann molte og andre bær. Den andre åt feitt- og proteinhaldige stenglar og rotdelar av myrull og overlevde. Fivill er mest brukta om myrull *Eriophorum* spp., men også om leirfivel, hestehov *Tussilago farfara* og løvetann *Taraxacum* spp.. Fivill er eit gammalt ord for «lett fjom som fyk i lufta». Vinterfivilen er nemning for Melkevegen eller Vinterbrauta (Høeg 1974: 356–357). Det andre sitatet finst i ulike former i mange landsdelar og viser til den tradisjonelle bruken av lauv og skav til dyrefor. Verset er hugseregel for hausting og føring med ulike treslag (op.cit.: 99). Sitata viser folketradisjon i samanhengar der planteartar vart evaluerte, og kunnskap med innsikt vart til livsvisdom.

### **Verdien av plantenemningar**

Den delen av språket som gjeld nemningar på plantar, har lenge hatt tronge kår i vår utdanning. No er det grunn til optimisme. Uteundervising aukar i skulane og læreplanar legg vekt på mangfaldet i naturen: «Opplæringa i naturfag skal hjelpe elevane til å tilegne seg kunnskap, dugleik og haldningars, slik at dei kan bli aktive samfunnsborgarar og medverke til ei bærekraftig utvikling» (Læreplan 1997: 206). Naturliv og friluftsliv har blitt studierettingar ved vidaregåande skular og høgskular. I den bærekraftige utviklinga skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet. Planlegging og forvalting vert påverka av haldningars. Haldningars kan ein få av opplevingar og kunnskap. Nemningar på plantar og dyr er eit språktifang som gjev grunnlag for oppleving, forståing av, bruk av og kommunikasjon om det bio-

logiske mangfaldet. Linné sa det slik: «Om man icke känner namnen [på plantar og dyr] er kunskapen om tingens värdelös» (Linné 1737).

### **Biologisk mangfald. Flora og vegetasjon**

Det biologiske mangfaldet omfattar dyr (fauna), plantar (flora) og levestader (habitattypar, biotoptypar eller vegetasjonstypar). Kunnskap om og nemningar på habitattypar er ein føresetnad for vern av sjeldne og truga artar, og i 2010 feirar vi det internasjonale naturmangfaldåret. Karplantane *Vascularia* utgjer ei samlegruppe som omfattar kråkefotplantar, sneller, bregner, bartre og blomsterplantar. I Noreg medrekna Svalbard finst det 3148 artar og underartar (Elven i Lid og Lid 2005). I denne artikkelen høver det å nyta det no forelda systemet over planteriket (Strasburger 1967) som viser undergruppene av karplantar (**i feit**) med talet på artar.

*Systematisk oversyn over platneriket (etter Strasburger 1967 og Jäger 1983)*

#### Avdeling *Schizophyta* (*Prokaryota*)

Klasse *Bacteria*; no.: Bakteriar, 1500 artar

Klasse *Cyanobacteria* (*Cyanophyta*) no.: Blågrønalgar, 2000 artar

Avdeling *Phycophyta* *Algae*; no.: Algar, > 32 000 artar

Avdeling *Mycophyta*, *Fungi*; no.: Sopp, > 100 000 artar

Avdeling *Lichenes*, no.: Lav, 20 000 artar

Avdeling *Bryophyta*; no.: Mosar, 25 000 artar

#### Avdeling *Pteridophyta*

Klasse *Lycopodiinae*; no.: **Kråkefotplantar**, 125 artar

Klasse *Equisetinae*; no.: **Snelleplantar**, 30 artar

Klasse *Filicinae*; no.: **Bregner**, o.fl., 9400 artar

Avdeling *Spermatophyta*; no.: **Frøplantar**, 225 000 artar

Underavdeling *Gymnospermae*; *Coniferophytina*; no.: **Bartre**, ca. 600 artar

Underavdeling *Angiospermae*; no.: **Blomsterplantar**, 224 000 artar

Klasse *Dicotyledonae*; no.: **Tofrøbladingar**, 171 000 artar

Orden *Polycarpicae*, *Magnoliales* (med soleiefamilien o.a.)

Orden *Rosales* (med rosefamilien o.a.)

Orden *Centrospermae*, *Caryophyllidae* (med nellikfamilien o.a.)

Orden *Synandrae*, *Asterales* o.fl. (med klokke- og korgplante-familien o.a.)

Klasse *Monocotyledonae*; no.: **Einførøbladingar**, 53 000 artar

Orden *Liliiflorae* (med liljefamilien o.a. liljeaktige)

Orden *Cyperales* (siv- og starrfamilien)

Orden *Glumiflorae* (med grasfamilien o.a.)

## Naturvitenskapleg nemningsskikk - plantar

Etter mønster frå Linné skal også plantenemningane ha to ledd. Sleks- og arts-nemning på latin skal skrivast i kursiv. Til den fullstendige nemninga hører forfattarnamnet til den som først har nemnt eller skildra arten. Nemningane vert styrt av reglar frå International Commission on Botanical Nomenclature: *International Code of Botanical Nomenclature* (ICBN) (McNeill o.fl. 2006). Eit tilsvarande regelverk gjeld for nemningar på dyr (Ride m.fl. 1999), ikkje Ehström og Holmer (2007) som Wiggen (2008:15) siterer. Andre reglar gjeld for bakteriar og sopp.

*Systematikken går ut på:*

- skildra formene (makro- og mikro-), og
- klassifisera formgrupper av individ til systematiske einingar (taxa, eintal taxon) på høgt og lågt nivå i eit hierarkisk system; og
- greia ut om slektskapen mellom dei og å gje vitskaplege nemningar på einingane.

*Prinsippet og metoden for namngjeving etter ICBN går mellom anna ut på at:*

- det skal vera plass for «språkutvikling» (nye einingar) i systemet,
- nye einingar skal skildrast med latinsk tekst,
- for å hindra kaos, vert det stilt krav til effektiv publisering, og til gyldig og korrekt nemning,
- for å stabilisera bruken av taxonnemning er innført krav om *nomenklatorisk typus*,
- nomenklatorisk typus for art og lågare taxa er eit individ eller ein illustrasjon,
- nomenklatorisk typus for slekt, familie og høgare taxa er eit taxon på neste lågare nivå,
- ved å gi prioritet til den eldste gyldige/korrekte nemninga kan ein oppnå stabilitet,
- for karplantane (*Vascularia*) er startpunktet for «eldste gyldige» sett til Species Plantarum av Linné, 1.5.1753, og
- kvart taxon med bestemt avgrensing, plass og nivå kan ha éi og berre éi korrekt nemning.

Autoriserte norske nemningar finn ein i oppslagsverk og handbøker som t.d. Lids flora (Lid og Lid 2005). Med dei unngår ein mistydingar som kjem av homonym og synonym, sjå nedanfor. Artsdatabanken (ADB) er ein nasjonal kunnskapsbank om biologisk mangfold (<http://www.artsdatabanken.no>). Han starta i 2005 og har til oppgåve å gje samfunnet informasjon om norske arter og naturtypar. ADB arbeider mellom anna med å oppretta ein artsnamnebase. I Noreg er det kjent ca.

40 000 artar av plantar, dyr og andre organismar. Namnekomiteen til ADB har hatt forslag til norske nemningar på høyring frå hausten 2008. Mange tilrådingar og åtvaringer frå Språkrådet, Norsk botanisk forening og ei rekke andre høyringinstansar er tekne omsyn til. Mellom anna skal alle artar ha nemningar på både nynorsk og bokmål. Namnekomiteane i Norsk zoologisk forening og Norsk entomologisk forening som Wiggen (op.cit: 15–16) viser til, har fått avløysing ved det arbeidet som vert utført for ADB. Dei reviderte nemningane er i bruk i namnedatabasane (<http://www.artsdatabasen.no>). Dei latinske nemningane nedanfor følgjer Lids flora (Lid og Lid 2005).

### Folkeleg nemningsskikk - karplantar

Karplantane er valde fordi det er her ein finn det meste av tradisjonsstoffet og det rikaste tilfanget av folkelege nemningar. Oppslagsverket «Planter og tradisjon» av Ove Arbo Høeg (1974) bygger på meir enn 45 års innsamlingsarbeid med meir enn 800 namngjevne medarbeidarar. På eit tidspunkt (1942) var storleiken på materialet rekna til 40000 enkeltnotat om plantenamn (op.cit.: 2). Den spesielle delen har om lag 500 artar. Karplantane utgjer 514 sider, dei andre (sopp, algar, lav og mosar) berre 55. Å nemna plantar og å kjenna til bruken av dei har lange tradisjonar i Noreg. Dei to ordtaka ovanfor viser til nytte og verdi av slik kunnskap. Det var skikk at dei vaksne skulle ta med borna ut i enga og plukka blomar og strå, nemna dei, og såleis prisa skaparverket. Den som kunne finna ni slag gras, og leggja dei under hovudputa jonsokkvelden, skulle bli sanndrømt (Rennebu) (Høeg 1974: 71). Frå denne kulturarven – det meste frå samlinga til Høeg – har eg plukka fram nokre bukettar. Bukettane viser ulike motiv i tradisjonell nemningsskikk og illustrerer problem som gjeld homonym og synonym (sjå nedanfor). Dei autoriserte norske nemningane (etter Lid og Lid 2005) står inntil dei vitskaplege nemningane.

### Homonym og synonym

Visse nemningar vert brukte om fleire ulike planteslag. Det at ei liktlydande nemning vert brukt om ulike taxa, er *homonymi*. Nemninga viser då oftast til ein karakteristisk eigenskap som finst hjå fleire artar. Etter vitskapleg nemningsskikk (ICBN) skal ein unngå homonym. Det at eitt taxon har fleire ulike nemningar, er *synonymi*. Som nemnt ovanfor (ICBN) skal det vera éi og berre éi nemning for eitt planteslag, men etter Høeg (1974) synest det som om dei fleste artane har lokale nemningar. Dersom ein ikkje held seg innafor den brukarkrinsen der nemninga er eintydig, kan homonym og synonym skapa problem. I eventyret om reven og bjørnen som tevla om å nemna treslag, tapte bjørnen fordi han brukta synonym: *toll*, *tyri* og *furu*. For dei fleste er det tryggast å gjera som reven: Halda seg til det som står i floraen: *ask*, *or*, *eik*. Men i dette stykket er det på sin plass å plukka

nokre bukettar som viser litt av kulturarven som ligg i tradisjonane og dei folkelege nemningane.

### Bukettar av homonym

1. Smørblom/st er brukta om sterkt gule blomar. Nemninga er brukta om engsoleie *Ranunculus acris*, krypsoleie *R. repens*, vårkål *R. ficaria*, soleihov *Caltha palustris*, ballblom *Trollius europaeus*, tepperot *Potentilla erecta*, løvetann *Taraxacum* spp. og hestehov *Tussilago farfara*. I min barndom skulle vi finna ut om ein person lika smør ved å halda blomen oppunder haka. Den gule refleksen frå huda på halsen var bevis på det.
2. Bjønnbær er brukt om fleire etande bær: rypebær *Arctous alpina* og bjønnbær *Rubus Sect. Fruticosus*, men også om trollhegg *Frangula alnus*, som har giftige bær.
3. Jonsokblom/st er brukt om mange plantar som blømer ved midtsommars leite, ikkje berre raud jonsokblom *Silene dioica*, som vi finn i floraen, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, solblom *Arnica montana*, soleihov *Caltha palustris*, enghumleblom *Geum rivale*, o.fl.. Truleg kan nemninga vera eintydig innanfor sin brukarkrins, men som Høeg peikar på (1974: 71), kan nemninga koma av at blomane skulle vera med i buketten eller i jonsokkransen.
4. Mange nemningar viser at Jomfru Maria har stått sterkt i norsk folketradisjon og etnobotanikk. Form og farge på blomar og blad illustrerer «attributtar» i hennar mange rollar: Som himmeldorfning har ho blå auge. Husfrua har ansvar for lyklane. Ho er vernehelgen for fruktbarheit og ein finn brystmjølk som flekkar på blad (maristikkel og lungeurt). Tårene til den sorgjande Jesu mor finn vi på Marias tåregras = soldogg *Drosera* spp.. Plantane har Maria-førestaving ettersom plantedelane er nyklane hennar, nykleband, tårer, hoseband, gullsko og annan pynt. Mellom Maria-plantane finn vi ei rekke homonym.
  - 4.1. Blå blomar har assosiert til kongeleg augnefarge: Jomfru Marias auge = minneblomartar *Myosotis* spp., tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, augnetrøystartar *Euphrasia* spp., snøsøte *Gentiana nivalis*, og skogfiol *Viola riviniana*.
  - 4.2. Hennar rolle som husfrue med ansvar for lyklar kjem til syne i lykje-motivet. Marilykjel/nøkkel er brukt om tiriltunge *Lotus corniculatus*, maria-nøkleband *Primula veris* og marinykjel *Botrychium lunaria*.
  - 4.3 Jomfru Marias nøklehank/nøkleband er brukt om tiriltunge *Lotus corniculatus*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, vanleg vendelrot *Valeriana sambucifolia*, og mariånøkleband *Primula veris*.

4.4 Marirokk er eit homonym som er brukt om ein handteinforma sommarplante hjå åkersnelle *Equisetum arvense*, og ein teinforma blomsterstand hjå blåfjør *Polygala vulgaris* og vanleg nattfiol *Plathanthera bifolia*.

### Synonym

For mange av plantane er tradisjonsstoffet så omfattande og synonyma så mange at dei kvar for seg kan vera tema for eigne bøker og artiklar. Årsaker kan vera at dei har fleire av desse eigenskapane:

- Stort utbreiingsområde: Røsslyng, einer, mjødurt, rogn, bjørk.
- Lett kjennelege blomar: Tiriltunge, løvetann, kusymre.
- Nytteverdi som emne for trearbete: tæger, reip, spenlar, vidjer, hamleband, eller til farging, garving eller andre formål: Einer, bjørk, alm, lønn, rogn, pors og mange fleire.
- Giftig: Trollhegg, beinbrekk = rome, hestespreng, tyrihjelm, trollbær.
- Blomstringstid er kalendermerke, t.d. merke for å sleppa dyr på beite: kyrasoleie = soleihov; eller merke for at slåtten kan ta til: slåttgubbe = engkall *Rhinanthus* spp.
- Blomen har spesiell farge: Jamfør smørblom og Jomfru Marias auge ovanfor.
- Planten vert brukta mot sjukdom: Nåretlegras = linnea, skjørbuksurt *Cochlearia* spp., frismegras = lækjeveronika, iktegras = vendelrot.
- Planten er rekna som god beiteplante: Marimjelle, gulaks, smyle.
- Planten vert nytta som krydder/smakstilsetting: Kung, pors, myntearter, humle.
- Planten vert rekna som afrodisiakum, som stimulerer sexlysten: Kvann, gulmaure. Om gulmaure skriv Linné at «den er i Noreg forbjuden att hänga över Ugnen, deraf faaer Husets Fruentimmere ködelige Lyster».
- Planten vert nytta til vasking og skuring: Tuggugras = stri kråkefot og skavgras. Sjå nedanfor.
- Blomsterstanden liknar dyreføter: jasalabb = kattefot *Antennaria dioica* og harestarr.
- Bork eller innhole stenglar gir blåseinstrument: Selje og rogn; løvetann, soleihov og sløkje.
- Planten vert nytta i andre barneleikar: kjempeartar, smelle og lekkjeblom = løvetann.

Mange fleire døme kunne nemnast. På lista over dei som har flest synonym/mest tradisjonsstoff, kjem desse høgt opp: einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, løvetann *Taraxacum* spp., tiriltunge *Lotus corniculatus*, kvann *Angelica archangelica*, bjørk *Betula* spp., lind *Tilia cordata*, alm *Ulmus glabra*, or *Alnus* spp. og fleire.

Soleihov *Caltha palustris* er også ein av dei som har mange nemningar: Bekkeblom, bekkesoleie, myrsoleie, vassblomst, myrskolp og skolpsoleie. Planten veks på våte stader og fidjeblom (Gyland) kjem av *fidje* 'flat våt slette'. Hestehov og rosshov viser til bladforma. Kyrasoleie (Kvinnherad, Kvam, Masfjorden) viser til at når ho blømer, er det merke på at kyrne kan livberga seg på beite. Kabbeleik (Dypvåg) er nær det same som den svenske nemninga kabbeleka.

Rogn *Sorbus aucuparia* har også mange nemningar: Røgn, rån, raun, raudn. Rogn var ei tid rekna som einaste treslaget på det forblåste Jæren. Ein gut som var med mora på tur til Ryfylke, møtte der eit anna mangfald og kom strålende inn og ropa «Mor, mor, her har dei ein raudn som heiter hegg», men da var det slutt på synonymien.

Trollhegg *Frangula alnus* er nemnt som brakall, bråkall, hundhegg, gulhegg (gul i veden), trollbær (bæra er giftige), hundbær, bjønnbær, og ormebær.

Tiriltunge er kjent som mariaplante: Marias nøklar og Marias nøkleband, Maria gullsco og Jomfru Marias tøffel. Dei to siste viser til den skoforma kjølen av gule blomsterblad. Andre synonym er tiritunge, tirtung,irtom, tellitong, gullhøne, katteklo, kuklauv, fuglaklo, djevelklo og kjerringtann (Høeg 1974: 704). Ei klo av samanvaksne støvbærarar omkring fruktemnet ligg inni «skoen».

### Engkarse *Cardamine pratensis*.

Det var ein gong ein harding fra Norheimsund, Asbjørn Botnen. Han budde i Bø i Telemark og sakna blomeprakta i Hardanger. Han spurde meg som da var nytilsett botanikar ved hogskulen: «Kvífor veks ikkje breivikblome her i Bø?». Han trudde eg kjende alle blomane, men eg vart svar skuldig, for nemninga var ukjend. Asbjørn Botnen skildra storleik, farge og blømingstid i varme ordelag, og at blomen i hans barndom i 1950-åra berre voks i hagen til kunstnaren Mons Breidvik. Sidan har planten spreidd seg over alle bakkar og finst også på mange prospektkort fra Hardanger. Eg skjøna etterkvart at det var snakk om den same planten som i min barndoms grøne dal på Osterøy framleis heiter *jannablomst*, etter Johanna Mjøs. Tidleg i 1950-åra var hennar slåtteng einaste staden han var vanleg i Mjøsdalen. På same måten er *hakestadblom* framleis ei nemning for engkarse i Ulvik (opplysning fra Aase Gjerde, januar 2009). Fra prestegarden på Hakestad i Ulvik har planten spreidd seg på tilsvarande måte. Han er også kalla *eckhoffblome*, etter Michal N.L. Eckhoff som var sokneprest i Ulvik 1881–1896 (Høeg (1974: 269 og Ulvik herad (1987: 81). Dei fire synonyma utgjer eintydige folkelege nemningar for engkarse. Brukarkrinsane har vore og er framleis små, dei utgjer gamle «øyar» i eit no samanhengande område. Soga om desse lokale

nemningane illustrerer utbreiingshistoria til engkarse som vart innkjøpt som frø frå Berlin til Damsgård hovedgård på 1700-talet (opplysning frå Dagfinn Moe).

### Nokre utvalde bukettar

*Nemningar viser til veksestad:*

Engsmelle *Silene pratensis* (pratensis tyder: som veks i eng). Andre leddet i nemninga viser til barneleik. Med to fingrar knip ein (stengjer) opninga til det samanvaksne begeret til blomen. Når ein slår denne «bobla» mot handbaken, vert det ein skarp smell.

Myrtistel *Cirsium palustre* (palustre: som veks i myr).

Fjellveronika *Veronica alpina*, (alpina: som veks i fjellet).

Sandstarr *Carex arenaria* (arenaria: som veks på sand).

Småhavgras *Ruppia maritima* (maritima: som veks ved havet).

*Nemningar viser til farge:*

Kvitveis *Anemone nemorosa*, smørblomst, engsoleie *Ranunculus acris*, sotstarr *Carex atrofusca*.

*Nemningar viser til smak:*

Syregras, surblad = matsyre *Rumex acetosa*, Planten har vore mat i leikestovene til mange barn, og er no med i salatblandingar som «kortreist mat».

Om medisinplanten søkerot *Gentiana purpurea* finst det eit ordtak, «Vil du meg kalla sôte skal eg skaden bøte, men kallar du meg beiskerot, då rår eg inga bot». Han er truleg den beiskaste av alle våre plantar. Innhaldsstoff, mellom andre gentianopicrin, stimulerer matmeltinga hjå menneske og dyr, og planten har vorte samla og turka til medisin med eksport frå sentrale fjellstrøk, også etter 2. verdskrigen (opplysning frå Olav Flothyl).

*Nemningar på lækjeplantar som viser til sjukdom:*

*Linnea borealis* har fått namn etter botanikaren, men dei folkelege nemninane er nåreslegras (Spydeberg, Røyken, Sigdal o.fl.) eller nåretle/nårtle-gras (mange stader på Vestlandet). Det vart kokt låg til badevatn eller te; eller smurning vart laga av blada, det skulle hjelpe mot nårelid 'helvetesild' og andre utslett.

Ringormgras (Dovre, Etnedal) om soldoggarter *Drosera* spp.

Iktegras (mot gikt) = vanleg vendelrot *Valeriana sambucifolia* (Valdres).

Iktegras = bakkesôte *Gentianella campestris* (Etnedal, Lom).

Iktegras = åkersnelle *Equisetum arvense* (Kinn).

Fresmegras vart bruka mot «frisme» = svullar (Vågsøy, Selje, Sunnylven). Blad av lækjeveronika *Veronica officinalis* vart kokte med fløyte/rømme, ev. tjøre, til påsmöring.

*Nemningar viser til kjønnsorgan:*

Geitfitte, saufitte (etter bladforma), (Telemark fl. st.), = maiblom *Maianthemum bifolium*.

Finnpeis (Hattfjelldal), finnkukk (Vefsn) = vårplante av åkersnelle *Equisetum arvense*.

Bikkjekoddar, bikkjepong (Telemark) = blokkebær *Vaccinium uliginosum*.

Flyelskukk (Spydeberg), fløyelspikk (fl. st.), prestapikk (Høeg 1985: 51) = brei dunkjevle *Typha latifolia*.

Jomfru Marias kusehår = soldogg *Drosera* spp.

*Nemningar som viser til heilagmenne:*

Ei rekke planter har fått førestaving av namn frå Bibelen og heilagmenne. Slike nemningar kan vera svært gamle da dei er uttrykk for ein katolsk påverknad, kanskje frå før reformasjonen:

Aron, patriarken i *Det gamle testamentet* (GT): Arons skjegg = hårfrytle *Luzula pilosa* (krans av tynne blomsterskaft).

Jakob, son til Isak i GT: Jakobs stige = fjellflokk *Polemonium* spp.

Joakim, Jomfru Maria sin far: Joakimsblomme = vinterkarse *Barbarea vulgaris*.

Johannes, Jesu disippel og evangelist har fått sitt namn knytt til ei lang rekke jonsokblomar. Sjå avsnitt om homonym ovenfor.

Jonas i GT: Jonasbusk = parkslirekne *Reynoutria cuspidata* = *Fallopia japonica*.

Judas Iskariot, disippelen som sveik Jesus: Judasskjegg = soldogg *Drosera* spp.

Laurentius, erkediakon i Spania: Larssokblom = jáblom *Parnassia palustris* (blømer ved larsok 10. august).

Mariaplantar. Over 60 forskjellige arter har meir enn 90 nemningar med Maria/Jomfru Maria/Vår Frue. I tillegg til dei som alt er nemnde, kan vi ta med Maria blodhatt = venusvogn *Aconitum napellus* (blå blom/kongeleg blod), marikåpe *Alchemilla* spp., Vår frues hanskars = akelei *Aquilegia vulgaris* (5 nektarsporar liknar fingrar), Vår frues nålepute = strandnellik *Armeria maritima* (tett rosett av smale blad), Marias tårer = hjartegras *Briza media* (hengande dråpeforma småaks), Jomfru Marias serk = strandvindel *Calystegia sepium* (kjoleforma kvit blom), Jomfru Marias fingerbjørg = blåklokke *Campanula rotundifolia*, Jomfru Marias skolisser = snikjetråd *Cuscuta* spp. (tynne klatrande stenglar), Jomfru Marias hand = flekkmarihand *Dactylorhiza maculata* (flika rotknoll), Jomfru Marias sengefør = gulmaure *Galium verum* og mange fleire.

Martin av Tours. Biskop i Frankrike, levde 316–397: Mortensgras = mjødurt *Filipendula ulmaria*. Tre samanvaksne endesmåblad utgjer krossmerket.

Olav den heilage, St. Olav: Olavsskjegg *Asplenium septentrionale* (Til minne om at hår og skjegg voks på liket), Olavsstake *Moneses uniflora* (einskilde 5-tals-blomster på stiv stilk), Olavsbolle = Marisko *Cypripedium calceolus*.

Salomo, øvsteprest i GT: Salomos segl = raud jonsokblom *Silene dioica* (stempelaktig blom).

### Nemningar viser til reingjering:

Nemningar på skavgras *Equisetum hyemale* viser at planten har vore i bruk i uminnelege tider, til reingjering av trekjerald og sotete kokekar, og til pussing av umåla treverk og møblar: Kaslagras (Hemsedal, Valdres, Hallingdal), tvogegras (Bykle), tuggugras (Eidskog), skavstuke (Fyresdal, Vinje, Seljord), skavstakk (Arabygdi), skavgras (Hordaland, Telemark fl. st.), skavrøyr (Åseral). Dei stive stenglane med ribber forsterka av kisel virkar som fint sandpapir. Førrestavingar som *tuggu* og *tvoge* viser til skurefilla. *Kaslar* el. *katlar* er gn. fleirtal for *ketil* 'kjele, kokekar' (Høeg 1974: 349–350). Tvoegras og gryteskrubb er også bruka om stri kråkefot *Lycopodium annotinum*.

### Vegetasjon – naturvitenskapleg nemningsskikk

Biologisk mangfold omfattar som nemnt artar og habitat-typar. Habitat- eller vegetasjonstypane har fått auka åtgaum fordi dei utgjer adresse og livsmiljø for artane. Vegetasjonen i eit område er vegetasjonstypane som opptrer. Høeg nemner vegetasjonstypar som er samlingar av eitt slag plantar, t.d. øspedøtt (liten skog av osp), vikjerr (kjerr av vier), kvanngrøe (bestand av kvann) (op.cit.:9–12), men no er det vanleg at vegetasjonstype vert nytta om einingar som er karakteriserte av fleire arter og andre kjenneteikn. I dette stykket skal vi sjå på det naturvitenskaplege grunnlaget for nemningar på vegetasjonstypar som er definerte ved hjelp av ein kombinasjon av artar. Metoden vert kalla plantesosiologi.

Plantesosiologi er valt fordi han er grunnlaget for ei rekke innarbeidde norske omgrep, særleg innafor beitegransking, skogbruk og naturvern, sjå nedanfor. Elles finst det ei rekke måtar å definera vegetasjonstypar eller naturtypar på. Inndeling etter kor frodig vegetasjonen er, gir grunnlag for tolking av flybilete og annan fjernanalyse. Inndeling etter såkalla clusteranalyse på datamaskinar gir innsyn i statistiske og dynamiske eigenskapar. Inndeling etter analyse av variasjon/gradient i fleire miljøfaktorar prøver å forklara all variasjon i norsk vegetasjon (Halvorsen m.fl. 2009). Her vil det føra for langt å gå inn på desse andre metodane. Nedanfor vert usemja om val av prinsipp og metode for vitenskapleg nemningsskikk diskutert. Her kan det vera på sin plass å minna om at «Det finst ikkje rette eller galne system, men det finst gode og mindre gode».

### Plantesosiologisk metode

Oppgåva til plantesosiologi er å skildra og definera typar av vegetasjon, deira arts-samansetjing og miljøforhold, og ordna typane i eit hierarkisk system av låge og høgare einingar. Utgangspunkt for plantesosiologi er feltarbeid med artregistering

på prøveflater i bestand. *Bestand* er eit terregnavsnitt med einsarta utsjånad og jamt spreidde artar. Vegetasjonstypar (abstrakte) vert definerte i tabellar. Fleire bestandsanalysar (kolonnar) vert stilte saman, og rekjkjefølgje av artane (rader) viser kven som er karakteristiske for typen. Metoden byggjer på at artane ikkje er tilfeldig spreidde, men utgjer karakter- og skiljeartar. Ein karakterart er ein art som har sin største førekommst i, og beste utvikling innanfor ein type, og skiljeart finst i ein del – og manglar i ein annan del av tabellen. Grunneininga er *assosiasjon*. For at ein type skal vera «god» på assosiasjonsnivå, krevst det homotoni ('at noko er einsarta') i tabellen, men synet på kva som er gode typar, kan variera mellom forskrar som kan vera «splitters» eller «lumpers». Assosiasjonar med slektskap i utsjånad og artssamansetjing vert grupperte i forbund, og vidare i ordnar og klassar. (Klasse og orden får her andre innhald enn i systematikk.) Grunnlag for definering av typar (syntaxa) er likskap og forskjellar i artssamansetjinga i tabellane.

Metoden vert kalla syntaksonomi eller floristisk plantesosiologi. Eininga i det hierarkiske systemet vert kalla syntaxon, fl. syntaxa, til forskjell frå taxon/taxa i (organisme-) systematikken. Også i syntaksonomi er nemningsskikkelen regulert av internasjonalt aksepterte reglar: *International Code of Phytosociological Nomenclature* (ICPN). Desse reglane består av definisjonar, prinsipp og artiklar og tilrådingar (Weber o.fl. 2000). Etter reglane skal nemningane lagast av latinske namn på plantar som inngår, og bestemte endingar skal visa det hierarkiske nivået. På grunnlag av nær 100 års utforsking av norske vegetasjonstypar kan våre vegetasjonstypar innordnast i om lag 40 klassar (Vevle 1987/2003). Skogtypane nedanfor er døme på eit hierarkisk oversyn over slike nemningar.

I det didaktiske arbeidet i skule og lærarutdanning er nemningane som byggjer på floristisk plantesosiologi eigna for å skapa og utvida forståing av samanhengar mellom plantar og omgjevande miljø ved at

1. vegetasjonstypene er definerte ved at bestemte artsombinasjonar opptrer,
2. kvar av artane som inngår, har sine bestemte krav og toleransegrensene til miljøet, derfor indikerer typen heilt bestemte miljøforhold når han opptrer,
3. i tillegg til indikasjon på jordsmonnforhold (surt/basisk, tørt/vått, næringsfattig/-rikt) utgjer
4. nemningane eit referanseverk som vert bruka for å nemna biotopar eller habitat-typar på ein måte som er felles for andre land som vi elles samanliknar oss med. Habitatklassifiseringa i EU-programmet Natura2000 byggjer for det meste på plantesosiologiske einingar.

*Plantesosiologiske einingar med døme frå klassen boreal barskog*

Nivå	Ending	Døme	Norsk nemning
Klasse	-etea	Vaccinio-Piceetea	Boreale barskogar
Orden	-etalia	Cladonio-Vaccinietalia	Furuskogs-orden
Forbund	-ion	Cladonio-Pinion	Nordlege furuskogar
Assosiasjon	-etum	Barbilophozio-Pinetum	Røslyng-blokkebær-furuskog
Forbund		Dicrano-Pinion	Søraustlege furuskogar
Assosiasjon		Vaccinio-Pinetum	Bærlyng-barblandskog
Orden		Vaccinio-Piceatalia	Granskog-orden
Forbund		Vaccinio-Piceion	Granskog-forbund
Assosiasjon		Eu-Piceetum	Blåbær-bregnegranskogar
Subassosiasjon	-etosum	Eu-Piceetum myrtilletosum	Blåbærgrenskog o.a.
Subassosiasjon		Eu-Piceetum dryopteridetosum	Småbregnegrenskog
Assosiasjon		Melico-Piceetum	Lågurt/høgstaude-barskog
Subassosiasjon		Melico-Piceetum aconitetosum	Høgstaudegranskog

*Hovudgrupper av skogtypar og flommarksgratt*

Klasse	Orden	Forbund/underforbund	Norsk nemning
<b>Raudpil-klassen</b>	Salicetalia purpureae	Salicion albae	Flommarks-pilekratt
Salicetea purpureae		Hippophae-gruppe	Tindved-krott
		Salicion phyllicoliae	Høgstaude-vierkratt (i fjellet)
<b>Svartor-klassen</b>	Salicetalia auritae	Salicion cinereae	Gråselje-forbund, stagnerande
Alnetea glutinosae	Alnetalia glutinosae	Alno inc.-Salicion pent.	Gråor-istervier-forbund, frisk-fuktig
		Alnion glutinosae	Svartor-forb. stagnerande fuktig
<b>Barskog-klassen</b>	Cladonio-Vaccinietalia	Cladonio-Pinion	Furuskog-forbund
Vaccinio-Piceetea		Ledo-Pinenion	Furuskogar på torvmark
		Cladonio-Pinenion	Furuskogar på fastmark
	Vaccinio-Piceatalia	Dicrano-Pinion	Sør-austlege furuskogar
		Vaccinio-Piceion	Granskogsforbund
		Sphagno-Piceenion	Granskogar på torvmark
		Eu-Piceenion	Blåbær- og bregnegranskog
		Melico-Piceenion	Kalk-barskog, lågurt/ høgstaude-granskog
<b>Edellauvskog-klasse</b>	Quercetalia robori-petr.	Quercion robori-petraeae	Eikeskogar
Querco-Fagetea		Luzulo-Fagion	Fattige bøkeskogar
	Fagetalia sylvaticae	Alnion incanae	Or-/ask-edellauvskogar
		Fagion sylvaticae	Rike bøkeskogar
		Tilio-Acerion	Opplende lind-/lønn-/almeskogar

**Bruken av plantesosiologiske nemningar**

Einingane som er utvikla på denne måten, har blitt brukte i kartlegging og utgreiingsarbeid. Målsettinga frå 1970 og utetter var at planlegging, vern og forvalting skulle skje på grunnlag av ei økologisk kartlegging av vegetasjonstypar. Ei rekkje

forskjellige klassifikasjonssystem vart utvikla (Mork og Heiberg 1937, Wielgolaski (red) 1971, Hesjedal 1973, Marker (red.) 1973, Kielland-Lund 1981, Moen og Moen 1975, Moen 1981, Vevle 1987, Larsson m. fl. 1994, o.a.). Kartlegging vart utført i store og små målestokkar (1:5000–1:250 000) i alle landsdelar (Balle 2000). I 1980-åra vart det lagt vekt på å utvikla eitt standard system for kartlegging (Fremstad og Elven 1987). Fremstad (1997) har oppdatert dette arbeidet til eit nasjonalt system. Til kartlegging, planlegging og naturvern utgjer det eit standar-disert referanseverk. Frå å vera eit språk for forskrarar har mange nemningar blitt vanlege i undervising om økologi og livsmiljø. Mange av dei vitskapleg baserte nemningane har innarbeidde norske namn, og har blitt, eller er i ferd med å bli, folkelege nemningar for typar av vegetasjon. Gode døme på det finn ein i fjellvegetasjon: Greplynghei for forbundet *Loiseleurio-Arctostaphylinum alpinum*, blåbær-blålynghei for *Phyllodoceo-Vaccinion myrtillii*, musøyresnøleie for «mose-lyng-musøyre-forbundet» *Cassiopeo-Salicion herbaceae*, høgstaude-vierkratt for «grønvier-forbundet» *Salicion phylicifoliae*. Nemningar for skogtypar har lenge hatt samsvar med det plantesosiologiske grunnlaget: høgstaude-fjellbjørkeskog for typar i turt-forbundet *Lactucion alpinum*, blåbærgranskog *Eu-Piceetum myrtillietosum*, smylebøkeskog *Deschampsio flexuosa-Fagetum*, svartorsumpskog for langstarr-svartor-assosiasjonen *Carici elongate-Alnetum glutinosae*.

Innafor etnobiologi har nemningane etter måten kort tradisjon, sjølv om dei har vore i bruk frå slutten av 1930-åra, særleg innafor skogbruk og i vurdering av fjellbeite (Mork og Heiberg 1937, Nordhagen 1937 og 1943). Og ein kan hevda at slike nemningar er så spesielle at dei knapt vil bli «allemannseige» fordi prinsippet og metoden er for akademisk. Men som ovringer i naturen vil dei vera like lette å kjenna som folkelege nemningar for planteslag.

### **Pro et contra – val av nemningar**

Innafor vegetasjonsforskning er det usemje om metodar og om korleis ein kan definera typar. Inndeling i vegetasjonstypar som lar seg avgrense, har hatt vanskelege kår innafor angloamerikansk tradisjon. Standpunkt om diskontinuitet kan oppsummerast som

I naturen eksisterer ikkje avgrensbare plantesamfunn. Alle diskontinuitetar som kan observeras som meir eller mindre klare grenser, kjem av diskontinuitetar i miljøforhold» og «Det floristisk-sosiologiske klassifikasjonssystemet med klasse, orden, forbund, og assosiasjon som den grunnleggjande eininga - har blitt kalla «a narrow-minded classification business (Angloamerikanske plantesosiologar, sitert etter Westhoff 1972).

Også mellom norske forskrarar har ein møtt haldningar som «Vi vil ikkje ha det plantesosiologiske systemet tredd ned over hovuda på oss», og «Plantesosiologi er

ikkje forsking, det er ingen som brukar den metoden nå lenger», men slik er det kanskje ikkje no? I ei rekkje land vert det utarbeidd nye bøker og bindsterke verk med plantesosiologiske oversyn over representative og verneverdige vegetasjons-typar som landa har.

Professor Rolf Nordhagen peika for 70 år sidan på nytten av å brukta plantesosiologi i Noreg. Han var då midt i livet, hadde lang erfaring frå naturvern og forsking på norsk vegetasjon, og han såg behovet for å internasjonalisera omgrepene:

Die von den mitteleuropäischen Forschern benutzten lateinischen Verbands- und Ordnungsnamen (mit der Endung -ion, bzw. -etalia) bieten viele Vorteile dar, vor allem weil dadurch ältere aber vielfach unklare oder schwer definierbare Bezeichnungen wie «Heide», «Wiese», «Moor» usw. als generelle internationale Termini überflüssig werden (Nordhagen 1937).

I omsetjing: Dei omgrepene som mellomeuropeiske forskarar brukar på forbund og ordnar byr på mange fordelar i vegetasjonsklassifisering. Grunnen er at då vert omgrep som hei, eng og myr overflødig som generelle (internasjonale) omgrep. «Hei», «eng» og «myr» er eldre og ofte uklare og vanskeleg definerbare nemningar.

Ratcliffe sitt hjartesukk etter eit omfattande arbeid med eit nasjonalt oversyn over naturtypane i Storbritannia kan oppfattast som ei støtte til bruken av plantesosiologi: «The whole task has in fact been greatly handicapped by the lack of a countrywide classification system». Omsett: «Arbeidet har sanneleg i stor grad vore hemma av at vi mangla eit landsomfattande klassifikasjonssystem» (Ratcliffe 1977).

Den tyske plantesosiologen Reinhold Tüxen tilrådde:

Wir sind davon überzeugt dass das pflanzensoziologische System auch eine brauchbare Grundlage für die geographische Betrachtung der Vegetation Skandinaviens im vielseitigsten und umfassendsten Sinne schaffen wird». Omsett: «Vi er overtydde om at det plantesosiologiske systemet vil utgjera eit brukbart grunnlag for å sjå på skandinavisk vegetasjon frå ein geografisk synsstad, på den mest mangesidige og mest omfattande måten (Tüxen 1951:150).

Vi er inne i ei tid med utvikling av norske nemningar, og ein kan tru at slike nemningar vil få auka bruk når folk flest får større medvit om habitat-typar og deira verdi for artsmangfaldet.

### **Internasjonalisering eller nasjonal akademisk krangel?**

Når det gjeld vern av biologisk mangfold (arter og habitat), har vi oppgåver lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Noreg har underskrive fleire av dei internasjonale kon-

vensjonane om vern av natur og biologisk mangfald, og i samband med desse oppgåvene har det blitt hevdat av formannen i *Norsk Botanisk Forening* at

Noreg må få eit vesentleg mykje betre fungerande naturvern for å oppfylle intensjonane i Naturmangfaldlova. - Områdevernet må setjast i stand til sikre alle utsette naturtypar på ein fullt berekraftig måte». Noreg ligg langt på etterskot samanlikna med EU, – Noreg er i dag medlem av Emerald Network, - men dette nettverket har eit vesentleg lågare ambisjonsnivå enn Natura 2000 (Nettelbladt 2005:172).

Natura 2000 er eit nettverk av verneområde innafor dei 27 medlemslanda som er forplikta av EU-Flora-Fauna-Habitat-direktivet frå 1992 (FFH-direktivet). Naturtypeinndelinga for Natura 2000 brukar i stor grad plantesosiologiske nemningar. Men Noreg har ikkje planar om å ta FFH direktivet inn i EØS-avtalen (personleg melding frå Miljøverndepartementet, april 2005). Noreg er på ein måte utanforlandet ved at ein ikkje ønskjer å bruka dei kvalitetane som Natura 2000 og FFH-direktivet står for, men det vert utvikla eit eige system *Naturtyper i Norge* (Halvorsen m.fl. 2009), som byggjer på andre prinsipp (gradientanalyse).

## **Samanfatning**

Internasjonalt aksepterte reglar gjeld for nemningar av artar og habitattypar innafor naturvitenskapleg nemningsskikk (ICBN og ICPN). Det går føre seg ei autorisering av norskspråklege nemningar på plantar, dyr og vegetasjonstypar (ADB). Nemningar på plantar og dyr skal liggja føre på nynorsk og bokmål. Folkelege nemningar på karplantar kan vera ei kjelde til innsyn i det botaniske mangfaldet og til forståing av tradisjonell bruk av plantane. Å kjenna artane er ein føresetnad for rett nemning og bruk, og å verna desse kulturminna (nemningar og tradisjoner) kan vi best gjera med å bruka dei. Slik bruk vil kunna skapa forståing for samanhengar, ikkje berre innafor naturfaga, men også mellom naturvitenskap og kulturhistorie.

Vern og bruk av artsmangfaldet føreset vern av levestader. Å verna naudsynte habitattypar føreset at det finst relevante og formålstenlege omgrep for denne delen av det biologiske mangfaldet. Nemningar som skaper innsyn i og kan formidla forståing av samanhengar mellom organismar og omgjevande miljø, er grunnleggjande viktige for arbeid i skule og lærarutdanning. For tida er det norske systemet «Naturtyper i Norge» under utvikling (Halvorsen m.fl. 2008), og ein kan vona at prinsipp og metode ikkje hemmar eller hindrar folkeleg innsyn i og bruk av dei nye nemningane.

## Tilvisinger

- Balle, O. 2000. Vegetasjonskartlegginger i Norge – Kartlegginger fordelt på fylke/kommue. 5. utg. Nifos-rapport 15.
- Ehnström, B. og Holmer, M. 2007. Nationalnyckeln till Sveriges flora och fauna. Skalbaggar: Lång-hörningar. Coleoptera: Cerambycidae. Uppsala. ArtDatabanken, Sveriges lantbruksuniversitet.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - Norsk institutt for naturanalyse Temahefte 12. Trondheim.
- Fremstad, E. & Elven, R. 1987. Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge. – Økoforsk utredning 1987 1.
- Halvorsen, R., Andersen, T. Blom, H.H., Elvebak, A., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, Elven, R., T., Ødegaard, F. 2009. Naturtyper i Norge – teoretisk grunnlag, prinsipper for inndeling og definisjoner. Naturtyper i Norge versjon 1.0. Artikkel 11–210.
- Hesjedal, O. 1973. Vegetasjonskartlegging. – Landbruksbokhandelen, Ås.
- Høeg, O.A. 1974. *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925-1973*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Høeg, O.A. 1985. Ville vekster til gagn og glede. – Universitetsforlaget.
- Jäger, J. 1983. Systematik und Evolution. – I F.Jacob, E.J. Jäger og E. Ohmann Kompendium der Botanik. Stuttgart.
- Kielland-Lund, J. 1971/73. A classification of Scandinavian forest vegetation for mapping purposes – IBP i Norden 1971, 7:13–43; 1973 11: 173–206.
- Kielland-Lund, J. 1981. Die Waldgesellschaften SO-Norwegens. – Phytocoenologia 9: 50–250.
- Larsson, J.Y., Kielland-Lund, J. og Søgnen, S.M. 1994. Barskogens vegetasjonstyper. Grunnlaget for stedstilpasset skogsbruk. Landbruksforlaget, Oslo.
- Lid, D.T. og Lid, J. 2005. Norsk flora. 7. utg. Ved Reidar Elven. Oslo.
- Linné, C. 1737. *Critica Botanica*. Lugduni Batavorum: Apud Conradum Wishoff.
- Marker, E. (red.) 1973. IBP/CT-symposium om vegetasjonsklassifisering og vegetasjonskartlegging. 27.–28. september 1972, Ås, Norge. – IBP i Norden 11.
- McNeill, J., Barrie, F.R., Burdet, H.M., Demoulin, V., Hawksworth, D.L., Marhold, K., Nicolsen, D.H., N.J. (red.) 2006: International Code of Botanical Nomenclature (Vienna Code). Regnum Vegetabile 146. A.R.G. Gantner Verlag.
- Moen, A. 1981. Oppdragsforskning og vegetasjonskartlegging ved Botanisk avdeling, D K N V S Museet, – K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1981 1: 1–49.
- Moen, A. og Moen, B. 1975. Vegetasjonskart som hjelpemiddel i arealplanleggingen på Nerskogen, Sør-Trøndelag. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1975,5: 1–168.
- Mork, E. og Heiberg, H.H.H. 1937. Om vegetasjonen i Hirkjølen forsøksområde. – Medd. Norske Skogforsøksvesen 5: 617–684.
- Nettelbladt, M.G. 2005. Leder – Blyttia 63:172.
- Nordhagen, R. 1937. Versuch einer neuen Einteilung der subalpinen-alpinen Vegetation Norwegens. – Bergens Mus. Årbok, naturv. R. 1936. (7): 1–88.
- Nordhagen, R. 1943. Sikilsdalens og Norges fjellbeiter. En plantesosiologisk monografi. – Bergens Mus. Skr. 22.
- Ratcliffe, D.A. 1977. A Nature Conservation Review. – Cambridge.
- Ride, W.D.L. m.fl. (red.) 1999. International Code of Zoological Nomenclature 4th Ed. – London.
- Strasburger 1967. Lehrbuch der Botanikk für Hochschulen. Stuttgart: Gustav Fischer Verlag.
- Tüxen, R. 1951. Eindrücke während der pflanzengeographischen Exkursion durch Süd-Schweden. – Vegetatio 3: 149–172.
- Ulvik herad 1987. Ulvik gards- og attesoga 2. – Stavanger.
- Vevle, O. 1987. Norske vegetasjonstypar. 4. utg. – Bø, 20 pl.

- Vevle, O. 2003. Phytocoenotic Habitat Classification in Red Lists, Nordhagen's recommendation and Ellenberg's socio-ecological values. *Botanical Journal St. Petersburg* 88: 118–123.
- Weber, H.E., Moravec, J. og Theurillat, J.-P. 2000. International Code of Phytosociological Nomenclature. 3rd Ed. – *J. Veg. Sci.* 11: 739–768.
- Westhoff, V. 1972. Die Stellung der Pflanzensoziologie im Rahmen der biologischen Wissenschaften. – In Tüxen, R. (red.) *Ber. internat. Sympos. Grundfragen und Methoden in der Pflanzensoziologie*, Rinteln 1970: 1–15.
- Wielgolaski, F.-E. (red.) 1971. Nordisk vegetationsklassificering för kartläggning. – IBP i Norden 7: 1–76.
- Wiggen, G. 2008. Zoologisk nomenklatur og folketradisjonelle dyrenemningar. – *Namn og nemne* 25: 11–47.

# Ortografisk kontekstanalyse

*Gno. \*Tinnr eller \*Pinnr?*

*av Oddvar Nes*

*On orthographical text analysis. (The term ortografisk tekstanalyse was introduced by Christensen & Sørensen 1972 [see Litteraturliste]. The general orthographical structure of the extant texts has to be examined in order to decide whether \*T- or \*P- being the initial consonant regarding the ON form of the Norwegian place-name Tinn. The examination reveals that ON \*T- is original: \*Tinnr.*

## Innleiing

Tittelen for denne framstellinga er henta frå ein artikkel eg gav ut i 1987, kalla «Namnetolking». Der heldt eg fram «nokre grunnleggjande krav som bør stettast ved tolking av gamle namn». Viktigaste kravet var (og er) dette:

Så sant det er råd, bør ei eldre namneform etablerast ved ein såkalla «ortografisk kontekstanalyse» (Christensen og Kousgård Sørensen 1972:120). Dette vil seie at namneforma blir sedd i samanheng med det ortografiske systemet elles i teksten. (Nes 1987:55.)

I 2002 gav Kjell Venås ut eit stort verk om innsjønamna i Telemark. Der vert m.a. *Tinnsjøen* drøfta (Venås 2002:391 f.), og i likskap med Albert Kjær, utgjevaren av Rygh (1914:253), reknar Venås med at norrøn nominativform har vore \**Tinnr*. Det gjer òg Skulerud (1918: 67), Hovda (1955:125 ff.), Vågslid (1984:56), NSL (1997:451) og Heggstad (2008:636). Grunnlaget for ein tolkingsfreistnad vert soleis eit ord med germansk \**T-*.

Men Oskar Vistdal lit ikkje på ei gno. form \**Tinnr*. I ei streng melding av Venås-boka skriv han (2004:120–21):

*Tinn* er skriftfest i dativ *a Tinni* alt i 1358 [...]. Forma frå 1358 er så gamal at /n:/ neppe er assimilat frå historisk tid, men ung nok til å ha fått overgangen /p/ > /t/ (jf. Seip 1955:294). Det gno. namnet kan då ha vore \**Pinnr* (< germ. \**Pinw-*) med tyding nær den ieur., altså 'den langstrekte' («Langvatnet»).

## Seip

Ja, vore det so vel! Men: Ein overgang frå /þ/ til /t/ – i framlyd framom vokal eller diftong – på 1350-talet er meir enn tvilsam, jamvel om Seip dreg fram nokre døme (1955:294). Ei heller illkyndt, ålmenn verdsetjing av målsoga åt Seip (1931) er denne (som eg er mykje samd i), av Haugen og Markey (1972:78–79):

One might say that Seip's grammar is actually a composite of scribal errors which are interpreted as sound changes, and Trygve Knudsen (1936) has shown that many of Seip's examples of sound change are actually due to misreadings on his part. Nevertheless, the majority of these questionable readings were left unchanged in the second edition (1955).

[Lenger nede:] [O]ne cannot use Seip without great caution.

[Og endeleg:] Seip is what one might call a fine example of the plenary palaeographical interpretation of language history, for he was ever ready to propose that a scribal error, or a variant reading (*lectio facilior* vs. *lectio difficilior*) reflected phonological or morphological change, [...].

Her gjeld det altso overgangen /þ/ > /t/, som ein annan kompetent granskar, Finn Hødnebø, dørmer slik om (med andre eksempel enn hjå Seip) i høve noko kvakl i *Bergens kalvskinn* (Hødnebø 1989:25): «Det er ellers ingen grunn til å anta at t og þ skulle kunne oppetre som allografer så tidlig som i tidsrommet 1350–70.»

Døma hjå Seip, som gjer at Vistdal kan syne til eit mogleg (byrjande) landsomfannande samanfall av /þ/ og /t/ i prevokalisk stode på 1350-talet, er desse tre:

(1) *Norges gamle Love* 3:118 (ikkje prentevilla 18 [sic] som i Seip 1931:286, 1955:294 og 1971:324; derimot korrekt i Fritzner 1972:446) er ein tekst kalla «Kong Haakon Magnussöns Retterbod om Udlændingers Told. Bergen den 30te Juli 1316», med «Haand fra förste Fjerededeel af fjortende Aarh.» (og prenta s. 118–20). Her står det «i tydesko lande» (line 4), medan det i lina under står «þydesko». Denne eine – range – *t*-forma står mot 22 andre (rette) *þ*-former (som *pickir*, *parflegast*, *Porgeir*). Oppslaget i Fritzner (1972:446) er *Pýdeskuland*. Eit anna eksemplar av denne rettarbota (frå ca. 1350) har «þyrsku» (to gonger).

(2) Dette dømet kjem òg frå Bergen, i ein original frå 16. september 1334 (*DN* 2:175). Her er tidfestinga «fra burd vars herra Jesu Christi tushundrad uetra þri hundredr þrirtighir ok fiorer» med *t*- i *tushundrad* som er påfallande. Seip (1931:286, 1955:294 og 1971:324) og Indrebø (1951:229, 2001:216) er båe samde om at dette er teikn på samanfall av /þ/ og /t/. Men eg trur meir på Hægstad, som tenkjer seg at «*t* er vel her misskrift for *th*, som brevet har i *Thorleifui* (dativ)» (1907:146, merknad 1). – Utgangen i ordet «Christi» kan òg ha kludra det til for skrivaren.

(3) Siste dømet er *tustlæika* (på same sidetala i Seip-bøkene frå 1955 og 1971) i nok ein bergenstekst, ei avskrift dagsett 20. august 1341 (*DN* 7:192). Her står «*tustlæika timans*» (genitiv) som Bjarne Berulfsen trur er «*kald, kraftig blåst som hører til en bestemt tid*» (1948:309), og avleidd til gno \**pústr* (jfr. isl. *pústur* «hæftigt Vindstød»). Men her har resten av granskărane, som Marius Hægstad, Leiv Heggstad, etymologane Ferdinand Holthausen, Jan de Vries og Ásgeir Blöndal Magnússon eit anna syn, her berrlagt ved Heggstad i alle utgåvane (frå 1909): *tustleiki* (2008:644). – Nett som Hødnebø (sjå framanfor) er det ingen grunn til å rekne med samanfall av /þ/ og /t/ > /t/ på 1300-talet.

## Tinn

Eg vil no sjå på dei tretten eldste tekstane der namnet *Tinn* finst, og vurdere korleis skriftformer med dette namnet står i høve til andre ordformer med /þ/ framom vokal eller diftong. Framstellinga er kronologisk og byggjer på tilvisingar i Rygh 1914:253. Alle tekstene er prenta i *Diplomatarium Norvegeticum*.

Eldste teksten er stutt, truleg skriven i Rollag og overlevert i original frå 1358 (*DN* 1:278–79). Her står «a Tinni» (dativ) og alle ordformer – 6 i ollo – med etymologisk /þ/- har <þ>, t.d. «þa», «Þæimmi»; altso inkje samanfall.

Nest eldste brevet er lengre, ein original skriven i Skien 1377 (*DN* 7:315–16). Det er tale om nokre jorder «a Tinne ok j Hafvina bygd a Þælamorkenne». Alle ordformene med etymologisk /þ/- har <þ>; dei er 15 til saman, t.d. «Þorlæifuar», «Þorlæifsson» og «Þælamorkenne».

Tridje diplomet er ein original frå Skien, frå året 1396 (*DN* 1:400). Ordformer med opphavleg /þ/- er alle skrivne med <þ> og er 17 til saman. Her står «a Tinni» og «Þorkiæls son», «þeim» og «þettæ».

Fjerde diplomet er originalt, frå Berge i Tinn og ber årstalet 1419 (*DN* 5:370–71). Presten på Tinn og to lagrettemenn var «ha Tinne ha Þælamorkkenæ ha Berghe er ligghær hii Mælssokn ha Tinne». Dei 13 ordformene med etymologisk /þ/- har alle <þ>, t.d. «Þolleifssun» og «þosdaghen».

Femte diplomet er ein original frå Gøystdal (Tinn) og frå 1420 (*DN* 1:480–81). Her finn me presten på Atrå «a Tinne a Þelamarkkenæ» og ein lagrettemann «a Tinne», og nok ei tridje skriftform «a Tinne». Dei ni /þ/-orda har alle <þ>, som ventande er.

Sjette brevet er originalt, frå «Tinborghubø» (Tinn, ukjent no, jf. Rygh 1914:277–78) og datert 1426 (*DN* 10:112–13). Her finst «a Tinne» og to gonger «a Tinni». Sju ordformer har etymologisk /þ/- og er alle skrivne med <þ>, t.d. «a Þilamorkennæ» og «Þorkiælsson».

Brev nummer sju er ein original frå Atrå (Tinn), frå året 1429 (*DN* 15:48). Her skriv to lagrettemenn «a Tinni er ligger a Þælamorkkennæ» at dei var «hii Atrodhу

kirkiu gardhe a Tinni». Teksten har 11 ord med /þ/-, alle skrivne med <þ>, t.d. «Þollæikær Þollæifsson».

Åttande diplomet er ein original frå Tinn, òg frå 1429 (*DN* 504–05). To gonger står det «a Tinne» og 12 gonger ordformer med /þ/-, skrivne med <þ>, t.d. «Þofue Pormodzsyni» og «þorsdaghen».

Niande brevet er òg ein original, frå Hakanes (Tinn), men med uviss datering (*DN* 9:294). I Rygh 1914:253 er «c. 1430» halden for rette tida. Her står det «a Tynne» (jf. prep. «tyll» sist i teksten). Ordformene med /þ/- er alle attgjevne med <þ>, t.d. «þykto» (to gonger).

Tiande skriftstykket er originalt, frå Atrå (Tinn) og utført i 1434 av korsbroren Gottskalk Køniksson i Hamar bispedøme (*DN* 13:79). Han er tyskfødd (Lind 1905–15:sp. 724). Målføringa er ujamn, t.d. både «ek» og «jæk» og for dei 11 orda med /þ/- har åtte <þ>, to <th> og eitt <t>, nemleg «a Tælamorkenne». Det aktuelle namnet vårt er skrive «a Tynne».

Det ellevte diplomet er original, frå Atrå og ber årstalet 1437 (*DN* 10:126). Jamført med dei ni fyrste tekstene er denne språkleg kaotisk. «Torleker Taralsson oc Ælinger Gunnarsson lagretismen a Thynnæ» leverer ein sterkt svenskfarga tekst med t.d. «vij», «iak», «høra». Dei i ollo åtte ordformene med /þ/- er skrivne med <þ>, t.d. «þøm», «þetta», <th>, t.d. «thu», «tha», og <t>, t.d. «Torleker». Dette diplomet er heilt usætande for vurdering av samanfall av /þ/ og /t/ på denne tida.

Tolvte diplomet er frå 1438, ein original frå Rollag (*DN* 12:172). Her står det «a Tinni» og i alt er det ti ordformer som reflekterer opphavleg /þ/-, og alle er skrivne med <þ>, t.d. «þorgrimer þolleixson» og «þolleik þolleifsson».

Trettande og siste diplomet er ein original som er utført i Skien i 1451 (*DN* 3:593–94) av lagmannen «Gawte Erikson», med svensk/danske målspor som «kunnikt gørande at jaek». Her er <þ> for etymologisk /þ/- på veg ut. Av dei 14 aktuelle ordformene har 11 <th>, t.d. «theim», «Thorder», medan tre har <þ>: «Porder Olafsson», «Pordz Olafsonar» og – med namnet vårt nemnt: «a Tynne a þelamarkennæ». Til slutt kjem ei form med <t>, nemleg i «æpter ty».

## Konklusjon

Ei kritisk vurdering av grunnlaget for Seips observasjonar og utsegner for eit byrjande samanfall av /þ/ og /t/ på 1300-talet talar imot ei slik tidfesting – heller ikkje for målet i Bergen (der døma er funne). Gjennomgangen av dei mange diploma der *Tinn*-namnet er heimla – til 1451 – gjev heller ingen grunn (diverre) til å rekne med ei eldre form med \*þ-.

Eg vil ende denne framstellinga med å sitere meg sjølv (1987:65):

Hovudføremålet med dette arbeidet er å syne kor viktig ortografisk kontekstanalyse er for ei namnetolking. Fram gjennom åra har det vore lagt for

lite vekt på slik gransking; t.d. er ikkje *Norske Gaardnavne* münstergod såleis. [...] – Eit vilkår er naturlegvis at det finst brukande tekstmateriale.

## Litteraturliste

- Berulfsen, B. 1948: Kulturtradisjon fra en storhetstid. Oslo.
- Christensen, V. og J. Kousgård Sørensen 1972: Stednavneforskning. 1. København.
- DN = Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–.
- Fritzner, J. et al. 1972: Ordbog over Det gamle norske Sprog. 4. Oslo–Bergen–Tromsø.
- Haugen, E. og Th. L. Markey 1972: The Scandinavian Languages: Fifty Years of Linguistic Research (1918–1968). The Hague–Paris.
- Heggstad, L. et al. 2008: Norrøn ordbok. 5. utg. Oslo.
- Hovda, P. 1955: Tvo bygdenamn i Telemark. Årbok for Telemark 1955:125–28.
- Hægstad, M. 1907: Vestnorske maalfore fyre 1350. 1. Nordvestlandsk. Christiania.
- Hødnebø, F. (red.) 1989: Bergens kalvskinn. (Corpus codicum Norvegicorum medii aevi. Quarto series. 8.) Oslo.
- Indrebø, G. 1951: Norsk Málsoga. Bergen.
- Indrebø, G. 2001: Norsk Málsoga. 2. utg. Bergen.
- Lind, E. H. 1905–15: Norsk–isländska dopnamn och fingerade namn från medeltiden. Uppsala–Leipzig.
- Nes, O. 1987: Namnetolking. MM 1987:55–65.
- NSL = J. Sandnes og O. Stemshaug (red.) 1997: Norsk stednamnleksikon. 4. utg. Oslo.
- Rygh, O. et al. 1914: Norske Gaardnavne. 7. Bratsberg Amt. Udg. af A. Kjær. Kristiania.
- Seip, D. A. 1931: Norsk språkhistorie til omkring 1370. Oslo.
- Seip, D. A. 1955: Norsk språkhistorie til omkring 1370. 2. utg. Oslo.
- Seip, D. A. 1971: Norwegische Sprachgeschichte. Bearb. und erweitert von Laurits Saltveit. Berlin.
- Skulerud, O. 1918: Telemaalet i umriss. Kristiania.
- Venås, K. 2002: Norske innsjønamn. 4. Telemark fylke. Oslo.
- Vistdal, O. 2004: [Melding av] Kjell Venås: Norske innsjønamn. IV. Telemark fylke. Norsk Lingvistisk Tidsskrift 22. 115–25.
- Vågslid, E. 1984: Stadnamtydingar. 4. Bjørgvin.



## Bokmeldingar

Kåre Hoel: Bustadnavn i Østfold. Bd. 7 Tune. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag. Oslo 2007. 448 s. + 1 upag. s. Vedlegg kartbilag i målestokk 1: 50 000. ISBN 978-82-7099-462-5.

I denne staselege serien om bustadnamn i Østfold er det no komme heile 8 band. Det siste er om Idd. Her skal vi sjå på bandet for gamle Tune herad, medrekna tidlegare Rolvsøy herad, og der Sarpsborg by ligg ved det søraustre hjørnet av kommunen. Tune ligg med andre ord heilt sentralt i fylket, ved den nedre delen av Glomma.

Tidlegare er band 2 (Skiptvet), 3 (Våler) og 4 (Spydeberg) melde i *Namn og nemne* av Jarle Bondevik i årg. 18 og 19, og eg viser til desse meldingane der det blir nøyø greidd ut om tilblivingshistoria til verket.

Tune-bandet har same opplegget som tidlegare band. Ein finn praktisk tala dei same bokane i alle banda og oftast i same rekjkjefølgja, i alle fall for dei seinare banda — eit lite, men naudsynt unntak er eit innsmatt for Moss by i bd. 5. Dette i og for seg stereotype opplegget er viktig og bra, det er funksjonelt og godt. Det betyr at brukarane i det store og heile veit kva dei kan finne i kvart einskild band.

Ein slik framgangsmåte og opplegg er dessutan praktisk for utgjevarane. Dei kan, rett nok ikkje i altfor stor grad, nytte tidlegare tekstuforminger direkte i nye band. Slik er t.d. del II, 4. Topografiske ord (40 sider) tilskipa på same viset som i tidlegare band, men tilmåta med døme frå Tune. Ein fagperson bør ikkje rynke på nasen av dette, og for den interesserte amatören er ei slik utforming nokså avgjeraende. Da er vi òg inne på kva målgruppe dette verket bør ha.

Dette store og vel gjennomtenkte verket har ei solid og grundig vitskapleg utföring, og det vil i særleg grad bli eit referanseverk ikkje berre for norske namnegranskurar, men for alle som syslar med germansk namnegranskning. Etter mi meining bør det òg ligge eit stort potensial i lokal bruk. Slik eg ser det, så er *Bustadnavn i Østfold* ei gáve til lokalsamfunna i fylket. Både Tune-bandet og dei

andre banda har namneformer og -drøftingar med tilvising til eldre kjelder fram til folketeljinga 1900 – for dei eldste periodane fullstendige belegg. Dette veit vi er midt i blinken for lokalhistorisk interesserte, og stoffet bør vera spesielt nyttig for lærarar og elevar i den vidaregåande skolen. Mange elevar skriv lokalhistoriske særøppgåver, stundom òg namneoppgåver frå heimegrendene sine, og da kan ei slik «bygdebok» vera hendig å ty til. – I tillegg kunne ein kanskje håpe på at journalistar i regional- og lokalpresse kunne dra litt lerdom frå dette verket. Urban-samfunna Sarpsborg og Fredrikstad ligg jo delvis innanfor det aktuelle området, det gamle Tune.

Har ein slike målgrupper i tankane, bør ein etter mitt skjønn kunne slakke noko på den vitskaplege terminologien når det ikkje skader pregnansen i framstillinga. Dette gjer at eg i Tune-bandet godt kunne tenkje meg å bytte ut meir sjeldsynte ord som *appellativ* med *samnamn* (fellesnamn) (s. 333, 350 osb.), *denotere* med *betegne* eller *vise til* (s. 366), osb. Eg vil tru at ein slik skandinavisk uttrykksmåte, som alle østfoldingar ville forstå, måtte vera mykje meir høveleg i eit slikt verk enn unødvendig latin.

I *Norske Gaardnavne* bd. I omfatar Tune herad 15 sider. Kåre Hoels og utgjevaren Tom Schmidts Tune-band er på nærmere 450 sider i alt, og der sjølvne namnetolkningane utgjer 315 sider. Det seier seg sjølv at da har det vorte plass til mykje meir enn berre gardsnamna. No er både bruksnamn, altså namn på underbruk under matrikkelgardane, husmannsplassnamn, hyttenamn og andre namn på stader der det har budd folk, komne med. Alle desse hundretals namna blir grundig omtala. Dette inneber at det ikkje lenger er snakk om nokon revisjon av *Norske Gaardnavne*. Det er eit nytt, stort namneverk som held på og tek form.

